

Kunnskapsgrunnlag

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-
2036



Innhold

INNHALD	1
1 INNLEIING	3
2 DEN STØRRE SAMANHENGEN	4
2.1 Nasjonale forventingar	4
2.2 Regional forhold og forventingar	4
2.2.1 REGIONALE UTFORDRINGAR	5
1. HYLLESTADSAMFUNNET: SITUASJON OG UTVIKLINGSTREKK	7
2.3 Folketalsutvikling og demografi	8
2.3.1 FAKTORAR I FOLKETALSUTVIKLINGA	8
2.3.2 FOLKETALSUTVIKLING PER GRUNNKRETS	9
2.3.3 ALDERSSAMANSETNAD	10
2.3.4 FOLKETALSFRAMSKRIVING, BEREKRAFT- OG FORSØRGJARBRUKEN	11
2.4 Bustader og stadutvikling	12
2.4.1 BUSTADMØNSTER, SENTRUMSUTVIKLING OG TETTSTADDANNING	13
2.4.2 BUSTADMASSEN, -BYGNING OG -BEHOV	13
2.4.3 FRITIDSBUSTAD	16
2.4.4 REKREASJONSAREAL OG FRILUFTSOMRÅDE	16
2.5 Sosial berekraft: Folkehelse	17
2.5.1 FOLKEHELSEOVERSIKT	18
2.5.2 FOLKEHELSEPROFILEN 2024	18
2.5.3 OPPVEKSTPROFILEN 2024	19
2.5.4 OPPVEKST OG LEVEKÅR	20
2.6 Økonomisk berekraft og verdiskaping: Næringsliv, arbeidsplassar og sysselsetting	26
2.6.1 NÆRING OG VERDISKAPING	26
2.6.2 SYSSELSETTING, ARBEIDSSTRAUMAR OG -MARKNAD	27
2.7 Klima- og miljømessig berekraft	29
2.7.1 KLIMAPROFIL	29
2.7.2 KLIMAGASSUTSLEPP	29
2.7.3 ENERGIFORBRUK OG -PRODUKSJON	29
2.7.4 MILJØ: FORUREINING OG AVFALLSHANDTERING	30
2.8 Kultur, fritid og deltaking	31
2.8.1 FRIVILLIGE LAG OG ORGANISASJONAR	32
2.8.2 MØTEPlassar OG DELTAKING	33
2.8.3 KULTURINDEKSEN	34
2.8.4 TURSTIAR OG FRILUFTSAKTIVITETAR	34
2.9 Samferdsle og infrastruktur	35
2.9.1 KOMMUNALE VEGAR, TRAFIKKTRYGGLEIK OG VEGVEDLIKEHALD	35
2.9.2 BILPARKEN	36
2.9.3 KOLLEKTIVTILBOD	37
2.9.4 VATN OG AVLAUP	37


2.9.5	FIBER/BREIBAND OG MOBILDEKNING	38
2.9.6	SJØTRANSPORT	39
2.10	Areal, natur og kulturminne.....	39
2.10.1	AREALBRUK	39
2.10.2	REALISERT AREAL	40
2.10.3	PLANRESERVE.....	40
2.10.4	NATUR OG KLIMA.....	41
2.10.5	KULTURMINNE	42
2.11	Samfunnstryggleik og beredskap.....	42
2.11.1	SIVIL BEREDSKAP	43
2.11.2	HEILSKAPLEG RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE (ROS)	43
2.11.3	KOMMUNAL BEREDSKAPSLIKT OG BEREDSKAPSPLAN	44
3	HYLLESTAD KOMMUNE SOM VERKSEMD.....	45
3.1	Organisering av Hyllestad kommune	45
3.2	Interkommunalt samarbeid	46
3.3	Økonomisk status.....	46
3.3.1	KOMMUNALØKONOMISK BEREKRAFT	47
3.3.2	ØKONOMISKE FØRESETNADER	48
3.4	Økonomi, kapasitet og kompetanse	48
3.5	Omstilling, innovasjon og digitalisering.....	49
3.5.1	KUNSTIG INTELLIGENS	49
3.5.2	OMSTILLINGSPROSJEKTET HYLLESTAD VEKST	49
4.	EKSTERNE VEDLEGG.....	50
3.6	Folkehelse	50
3.7	Gjennomført medverknad	50

1 Innleiing

Kunnskapsgrunnlaget har som formål gje ein overordna oversikt over status, utviklingstrekk, utfordringar og mogelegheiter som Hyllestad står ovanfor, som samfunn og organisasjon. Sjølv oppbygginga i dokumentet startar med eit overordna perspektiv og peikar seg gradvis inn mot eit lokalt perspektiv.

Kunnskapsgrunnlaget er lagt til grunn for revisjon av kommuneplanens samfunnsdel, i arbeidet med å trekke fram prioriterte satsingsområde og sette felles mål. Dokumentet skal bidra til å synleggjere situasjonsbiletet og vere eit grunnlag for politiske prioriteringar.

Overordna innhald og oppbygging av dokument:



2 Den større samanhengen

2.1 Nasjonale forventningar

Kvart fjerde år legg regjeringa fram [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging](#). Forventingane fremjar ei berekraftig utvikling i heile landet og skal følgjast opp i planarbeidet til fylkeskommunane og kommunane, som går fram av plan- og bygningslova § 6-1. «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027» samlar dei fem viktigaste prioriteringane for den kommande fireårsperioden med føremål om å etablere felles grunnlag, effektivisere planprosessane og jobbe målretta - for å unngå unødige motsegner.

FNs 17 berekraftsmål skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane. Måla skal vere ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga, og leggjast til grunn for planarbeidet.

Prioriteringar for 2023-2027	Framheva berekraftsmål															
1. Samordning og samarbeid i planlegginga	11	17	16													
2. Trygge og inkluderande lokalsamfunn	11	1	3	5	8	10	12									
	13	15														
3. Velferd og berekraftig verdiskaping	2	3	4	7	8	9	11									
	12	13	14	15												
4. Klima, natur og miljø for framtida	3	6	7	11	13	14	15									
	2	3	6	11	13	16										

Tabell 1: Regjeringa sine prioriteringar for 2023-2027 med tilhøyrande berekraftsmål. Kjelde: Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027.

Forventingsdokumentet kan ikkje brukast som sjølvstendig grunnlag for motsegn, men må sjåast i samheng med aktuelle lovverk, forskrifter, stortingsmeldingar og rundskriv. Regjeringa ynskjer at regional og lokal samfunns- og arealplanlegging skal vere basert på open dialog mellom alle partar, der òg staten deltek. Det betyr at fylkeskommunane og kommunane får auka ansvar for å sikre nasjonale og viktige regionale interesser. Det er òg viktig at oppfølginga av den nasjonale politikken vert til passa regionale og lokale forhold.


2.2 Regional forhold og forventningar

Vestland fylkeskommune har utarbeidd ein brei utviklingsplan, som set tydeleg retning for samfunnsutviklinga i regionen. Utviklingsplanen for 2024–2028 tek for seg berekraftsutfordringar og har fire hovudsatsingsområdet med mål og strategiar. Samarbeid, kunnskapsutvikling og innovasjon er sentralt for å nå måla. Utviklingsplanen byggjer på eit kunnskapsgrunnlag som samanfattar hovudtrekka i samfunnsutviklinga i Vestland frå 2020 til 2024 og identifiserer seks utfordringsområde for dei komande åra. Folkehelseoversikta for Vestland for 2023–2027 syner korleis utfordringane i Vestland heng saman med og påverkar folkehelsa. Utfordringane i grunnlaget er langsiktige og vil truleg prege fleire politiske periodar. Utviklingsplanen fokuserer derimot på prioriterte utfordringar for den gjeldande perioden.

2.2.1 Regionale utfordringar

[Utfordringsrapport for utviklingsplan for Vestland](#) synleggjer utfordringar på tvers av berekraftsmål og sektorar, som grunnlag for politiske avvegingar og prioriteringar i utviklingsplanen. Vestland brukar berekraftsmodellen som vektlegg klodens bereevne som grunnlag for sosial og økonomisk berekraft. Modellen understrekar at ingen skal utelatast i samfunnsutviklinga. Kunnskapsgrunnlaget fokuserer på å styrke rettferd gjennom kunnskap om risikoutsette sosiale grupper og geografiske område.

Figur 1 under syner seks hovudutfordringar med tre delutfordringar for kvar. Samarbeid, kunnskapsutvikling og innovasjon er sentralt for løysingane. Utfordringane er komplekse samfunnsflokar som krev breie tilnærmingar og samordning, då dei involverer interessekonfliktar og potensielle synergjar, og Vestland 2040 er eit verktøy for å vurdere ulike interesser og prioriteringar.



Figur 1: Illustrasjon av utfordringsområda for Vestland. Kjelde: [Utfordringsrapport for utviklingsplan for Vestland 2024-2028](#), s.16.

2.2.1.1. FOLKEHELSEOVERSIKTA

[Folkehelseoversikt for Vestland 2023-2027](#), utarbeidd av fylkeskommunen, gjev ein oversikt over helsestoda i befolkninga og dei positive og negative faktorane som kan verke inn på denne etter FHL §5 og 6. Folkehelseoversikta er ein viktig del av det langsiktige folkehelsearbeidet, med mål om å fremje helse og utjamne sosiale helseskilnader.

Oversikta har identifisert fire folkehelseutfordringar:

- Utfordring 1: [Sosial ulikskap i helse](#)
- Utfordring 2: [Demografiske endringar](#)
- Utfordring 3: [Psykisk helse og livskvalitet](#)
- Utfordring 4: [Klimaendringar](#)

2.2.1.2. UTVIKLINGSPLANEN FOR VESTLAND

Basert på utfordringsrapporten, set [Utviklingsplan for Vestland 2024-2028](#) opp fire overordna og langsiktige satsingsområde: velferd og verdiskaping, demografi og likeverd, klima og natur, og samarbeid - som peikar

mot framtida vi ynskjer oss.¹ Ti strategiar er formulert for å nå måla og legg grunnlaget for planlegging, tiltak og ressursprioriteringar. Kvar strategi kan bidra til fleire mål. Strategiske samordning og samarbeid på tvers av sektorar og fagområde vil bidra til styrka måloppnåing.



Figur 2: Illustrasjon av samanhengen mellom mål og strategiar for Vestland. Kjelde: Utviklingsplanen for Vestland 2024-2028, s.26.

¹<https://app.powerbi.com/view?r=eyJrIjoieYjE2MGVkyZQtMzAzMi00MDQ5LTlhNWYtNm1IMjhOTi0MzUyYiwiCi6iYjVIMTQ5NDViLTBmODctNDkZC1hY2YzLTVINWUyMWU2ZWlZNiIsImMiOiJh9>

1. Hyllestadsamfunnet: Situasjon og Utviklingstrekk

Det er viktig at den nasjonale politikken tilpassast regionale og lokale forhold. Kapittel 3 gjev ei samla og sektorovergripande skildring av status og utviklingstrekk i Hyllestad kommune.

Hovudpunkt:


- **Folketalsutvikling og demografi:** Hyllestad har hatt ein jamn folketalsnedgang sidan 2014, driven av både fødselsunderskot og negativ nettoinnflytting. Med ei tydeleg aldrande befolkning er det venta ein nedgang i berekraftsbrøken fram mot 2040. Befolkninga er spreidd og utan tettstadsstruktur, med variasjonar mellom bygdene.
- **Bustader og stadutvikling:** Bustadmarknaden er svak med låg etterspurnad, låg omsetnad, få nybygg og høg del einebustader. Kommunen har i 2026 har starta opp eit prosjekt som skal utarbeide ein bustadplan med tilhøyrande bustadsosial handlingsplan. For Hyllestad kommune kan busetjingsmønsteret vere ein utfordring for tenesteytinga.
- **Sosial berekraft og folkehelse:** Hyllestad har ei generelt god folkehelse, men sosiale skilnader, fleire som bur aleine og ein del barn i låginntektsfamiliar påverkar deltaking og livskvalitet. Kommunen er avhengig av godt samarbeid mellom tenester, frivillig sektor og lokalsamfunnet for å førebyggje utanforskap, støtte barn og unge og sikre inkluderande oppvekst- og levekår.
- **Økonomisk berekraft og verdiskaping:** Næringslivet er dominert av marin sektor, skipsverft, mekanisk industri og primærnæringar. Hyllestad har dei siste åra hatt ein auke av personar som pendlar ut av kommunen og ein nedgang i personar som pendlar inn til kommunen. Skipsverftet i Leirvik er hjørnesteinsbedrifta til kommunen med planlagd vekst i åra framover, medan havbruk møter strenge miljøkrav. Reiselivet er i utvikling gjennom UNESCO-status og berekraftssertifisering.
- **Klima- og miljømessig berekraft:** I følge klimaprofil for Vestland, må Hyllestad førebu seg på meir ekstremvær med oftare styrtregn, meir overvåtning og større fare for flaum og skred. Klimagassutsleppa har gått ned over tid, men har auka dei siste åra, særleg frå sjøfart. Sjølv om kommunen produserer mykje kraft, er straumforsyninga sårbar fordi ho er knytt til éi forsyningslinje og eit gammalt regionalnett. Vasskvaliteten varierer, og fleire vassverk treng oppgradering.
- **Kultur, fritid og deltaking:** Hyllestad har eit breitt og viktig kultur- og fritidstilbod som styrkjer trivsel, deltaking og folkehelse. Kommunen legg til rette for kultur, idrett, friluftsliv og frivillig aktivitet gjennom kulturskulen, biblioteket, frivilligsentralen og gode møteplassar. Over 50 lag og organisasjonar bidreg til eit aktivt og inkluderande lokalsamfunn, og ungdom deltek i stor grad i organiserte aktivitetar. Den frivillige involveringa skapar viktig aktivitet og tilbod i kommunen.
- **Samferdsle og infrastruktur:** Hyllestad har eit spreidd vegnett som krev mykje vedlikehald og driftskostnadene per innbyggjar er høge. Bilen er det viktigaste transportmiddelet, med svært høg biltettleik og aukande tal elbilar, medan kollektivtilbodet er avgrensa og i hovudsak retta mot skuleskyss. Vass- og avløpssystemet er sårbart og delvis utdatert, med fleire små vassverk og høge gebyr. Kommunen har god breiband- og mobildekning, men nokre område manglar stabil tilgang.
- **Areal, natur og kulturminne:** Arealrekneskapen syner at bustader er hovudsakleg samla rundt dei tre sentra, medan fritidsbustader er spreidd. Planreserven er stor, særleg for fritidsbustader, og fleire område står i konflikt med verdifulle jordbruks- og naturareal. Kulturminne og kulturmiljø i kommunen utgjer ein viktig del av identiteten, historia og samfunnsutviklinga lokalt.
- **Samfunnstryggleik og beredskap:** Hyllestad kommune har ansvar for å førebygge og handtere kriser, og arbeider systematisk med beredskap i tråd med nasjonale krav. Klimaendringar, geopolitiske forhold og sårbar infrastruktur er sentrale utfordringar. Arbeidet med ny heilskapleg ROS for å styrkje beredskapen er i gang og skal fullførast i 2026. Eigenberedskap for innbyggjarane, å klare seg i minst sju dagar, er no eit viktig element i totalberedskapen.

2.3 Folketalsutvikling og demografi

I perioden frå 2014 til 2024 har Hyllestad kommune gått frå 1405 til 1281 innbyggjarar. Det utgjer ein nedgang på -8,8% sidan 2014. Nedgangen i folketalet er ein kombinasjon av negativt fødselsoverskot og nettoinnflytting. Dei siste ti åra har det vert eit fødselsunderskot med -6,45 i snitt, medan nettoinnflytting har eit snitt på -3,36. I liket med andre kommunar, har alderssamansetnaden endra seg – vi vert fleire eldre og færre i yrkesaktiv alder.

2.3.1 Faktorar i folketalsutviklinga

31. desember 2024 var 1281 personar registrert busett i Hyllestad kommune.²



Figur 3: Folketalsutvikling i Hyllestad kommune 2014-2024. Kjelde: SSB, tabell 06913. Utrekning: Hyllestad kommune.

Figur 3 vise folketalsutviklinga i Hyllestad kommune frå 2014 til 2024. Dei siste ti åra har nedgangen i folketalet vore jamn, med eit gjennomsnittsreduksjon på om lag 11 personar kvart år. Fødselsoverskotet er differansen mellom tal fødte kvart år minus tal døde. Den vise at det er fleire som dør, enn det vert født i Hyllestad. I perioden frå 2014 til 2024 var det 96 fødselar i Hyllestad, i same periode var det 167 personar som døde. Det gir eit fødselsunderskot på totalt -71, -6,45 i snitt årleg sidan 2014.


Nettoinnflytting består av innvandring og innflytting minus utvandring og utflytting. Figur 5 vise at innvandring er viktig for folketalsutviklinga, fordi innvandring jamnar ut innanlands flyttetap. Det er òg nødvendig for å kunne rekruttere arbeidarar til stillingar, særleg innan skipsbygging og helse/omsorg.

I 2016 hadde Hyllestad ein signifikant auke i folketalet, med ein nettoinnflytting på 42 personar. Det er den største auken kommunen har hatt dei siste ti åra. Året etter, i 2017, var det ein kraftig nedgang i folketalet med ei nettoinnflytting på -53. Kommunen har totalt, dei siste ti åra, hatt 177 innvandringar og 527 innflyttingar. På den andre sida, har kommunen hatt tilsvarende 75 utvandringar og 666 utflyttingar. Det utgjer ei totalt ei nettoinnflytting på -37 personar, -3,36 i snitt kvart år sidan 2014.

Hyllestad har vore busetjingskommune for flyktningar sidan 2013, og vi har ein relativt stor del med arbeidsinnvandrarar i kommunen. Ved utgangen av 2017 var 14.1 % av innbyggjarane innvandrarar, der den desidert største gruppa kjem frå Polen.

² <https://www.ssb.no/kommunefakta/hyllestad>

I 2024 utgjorde innvandrarak og norskfødde med innvandrareldre 19,28% av befolkninga, eit fleirtal av desse er frå Ukraina og Polen.



Figur 4: Inn- og utflytting og inn- og utvandring i Hyllestad kommune 2014-2024. Kjelde: SSB/KOSTRA tal/Framsikt.net. Utrekning: Hyllestad kommune.

Kombinasjonen av fødselsunderskot og negativ nettoinnflytting, gjer at Hyllestad har hatt ein nedgang i folketalsutvikling dei siste tiåra.

2.3.2 Folketalsutvikling per grunnkrets

Hyllestad kommune har ein spedt busetnad og har ingen tettstad om fell under SSB sin definisjon.³ Over halvparten av innbyggjarane i kommunen er busett i anten Hyllestad, Sørbøvåg (Øen) eller Leirvik. Dei resterande bygdene har hatt ein større befolkningsnedgang enn desse tre områda, med unntak av Porten og Lifjorden. Den største auka i perioden frå 2014 til 2024 er i Hyllestad. Hyllestad er, sidan førre planperiode, definert som sentrumsområdet til kommunen.


Folketalsutvikling etter grunnkrets i kommunen 2014 - 2024 (tal per 31.12)													
Område/År	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	Endring 2014-2024	
Skifjord	115	109	102	91	88	92	90	88	90	81	83	-32 ↓	-28 %
Vassenden	30	30	26	26	20	21	21	22	25	24	25	-5 ↓	-17 %
Skor	48	50	47	42	40	41	40	40	38	38	37	-11 ↓	-23 %
Åfjorddalen	181	188	186	181	179	168	162	168	156	147	139	-42 ↓	-23 %
Løland	54	51	49	46	50	49	45	47	44	46	48	-6 ↓	-11 %
Leirvik	269	250	284	273	276	250	233	227	234	252	256	-13 ↓	-5 %
Bø	146	128	131	127	121	123	128	129	131	134	127	-19 ↓	-13 %
Lifjorden	86	90	92	89	92	98	100	95	92	91	92	6 ↑	7 %
Hyllestad	197	200	210	201	206	204	207	206	208	205	213	16 ↑	8 %
Øen	270	285	300	293	284	272	258	260	242	242	255	-15 ↓	-6 %
Porten	2	2	2	2	2	2	2	4	4	4	2	0	0 %
Oppgitt grunnkrets	7	12	9	7	8	8	8	4	4	4	4	-3 ↓	-43 %
Hyllestad kommune	1405	1395	1438	1378	1366	1328	1294	1290	1268	1268	1281	-124	-9 %

Tabell 2: Folketalsutviklinga etter grunnkrets i kommunen frå 2014-2024. Kjelde: SSB, tabell 04317. Utrekning: Hyllestad kommune.

2.3.3 Alderssamansetnad

³ <https://www.ssb.no/befolkning/folketall/statistikk/tettsteders-befolkning-og-areal>

Alderssamansefnaden i kommunen syner at det i 2014 var 312 personar under 20 år, noko som utgjorde 22,2 % av folketalet. Ved utgangen av 2024 var 211 av dei er under 20 år. På ti år har det vert ein nedgang med 101 personar, og born og unge utgjorde i 2024 berre 16,6 % av folketalet i kommunen.




Figur 5: Alderssamansefnaden i Hyllestad kommune 2014-2024. Kjelde: SSB, tabell 07459. Utrekning: Hyllestad kommune.

Prosentfordelinga av aldersgruppene i 2014, samanlikna med 2024:

Aldersgruppe	2014	2024	Endring
0 til 19 år	22,2%	16,6%	-5,7%
20 til 29 år	8,9%	9,9%	1%
30 til 49 år	24,6%	20,4%	-4,3%
50 til 66 år	22%	27%	5%
67 år eller eldre	22,3%	26,2%	4%

Tabell 3: Den prosentvise alderssamansefninga i folketalet i 2014 samanlikna med 2024.

Figur 6 syner utviklinga i kjønnsfordelinga fordelt på aldersgrupper i Hyllestad i 2014 samanlikna med 2024. Statestatikken indikerer ein signifikant reduksjon i talet hjå både kvinner og menn i aldersgruppa 10-19 år. Denne utviklinga inngår i ein breiare demografisk trend der aldersgruppene frå 0-49 år har hatt ein samla reduksjon i folketalet for begge kjønn over ein periode på ti år.



Figur 6: Kjønnsfordeling etter aldersgrupper 31.12.2014 samanlikna med 31.12.2024. Kjelde: SSB, tabell 07459. Utrekning: Hyllestad kommune.

Sjølv om det har vert endringar i alderssamansefnaden, har den overordna kjønnsbalansen i kommunen vert relativt stabil. I 2024 utgjorde menn om lag to prosent meir av befolkninga enn kvinner, noko som samsvarar

med tidlegare år. Fordelinga mellom kjønn i dei ulike aldersgruppene er generelt jamn, med unntak av aldersgruppa 50-59 år, der det i 2024 var eit markant fleirtal av menn samanlikna med kvinner.


2.3.4 Folketalsframskriving, berekraft- og forsørgjarbruken

Forventa utvikling av innbyggjartalet og alderssamansetninga i befolkninga er av stor interesse, spesielt i planlegging og prioritering for kommunar.⁴ Forandringar i folketalssamansetninga i Hyllestad, færre fødslar og eit aukande tal eldre, betyr òg at forholdet mellom dei i yrkesaktiv alder og alderspensjonistar har endrar seg. Forholdet mellom desse kan framstillast ved bruk av ein forsørgjarbrøk for eldre, òg kalla «berekraftsbrøken».⁵

Berekraftsbrøken viser forholdet mellom innbyggjarar i yrkesaktiv alder (18–66 år) og talet på alderspensjonistar (67+), og seier noko om tilgangen på arbeidskraft til å forsørgje dei eldre.

Forsørgjarbrøken for born og unge viser talet yrkesaktive per innbyggjar under 18 år. Ein høg forsørgjarbrøk tyder på færre fødslar, medan ein låg forsørgjarbrøk indikerer fleire fødslar og kan medføre auka behov for ressursar til oppvekstsektoren.

Framskrivningar av folketalet presentert i Figur 7 må lesast med atterhald, då dette påverkast av ein rekke faktorar, som lokale og ytre forhold.



Figur 7: Forsørgjarbrøken (born og unge) og berekraftsbrøken (eldre) 2015- 2050. Kjelde: SSB, tabell 07459. Framskrivningstal er henta frå tabell 14288 (2024 prognosen) i SSB og presentera indikatoren for hovudalternativet (MMMM). Utrekning: Hyllestad kommune. Framstillinga er generell og tar ikkje omsyn til personar i utdanning eller som er utanfor arbeidslivet.

Ein høg berekraftsbrøk inneber at det er mange personar i yrkesaktiv alder, og potensielt skattebetalande, i forhold til talet på alderspensjonistar. Dette er ofte eit resultat av høgare fødselstal og/eller netto tilflytting. Når berekraftsbrøken går ned, betyr det at færre yrkesaktive skal forsørgje fleire eldre og kan føre til utfordringar med å oppretthalde velferdstenester. Dette er noko som kan leggje press på både arbeidsmarknaden og offentlege budsjett. Eit lågt tal kan tyde på utfordringar og trengsel for rekruttering og arbeidskraft.

I framskrivingane mot 2040 er berekraftsbrøken i Hyllestad estimert til 1,8, det same nivået som for nabokommunane Askvoll og Solund. Dette ligg betydeleg under det nasjonale gjennomsnittet, som er venta å vere 2,8. Dette kan tyde på større demografiske og økonomiske utfordringar for kommunen i tida framover.

Region	Folketal 2020	Folketal 2030	Folketal 2040	Berekraftsbrøk eldre 2020-2040	Forsørgjarbrøk born 2020-2040
--------	---------------	---------------	---------------	--------------------------------	-------------------------------

⁴ Framskrivning - Samhandlingsbarometeret

⁵ <https://www.solund.kommune.no/f/p3/ibdbf108-158b-44c3-bb2f-13bd0b07d495/2023-folkehelseoversikt-for-solund.pdf>

Norge	5 367 580	7,0%	11,3%	4,1 - 2,8	3,1 - 3,4
Helse Vest	1 116 423	5,9%	9,0%	4,4 - 2,9	2,8 - 3,2
Helse Førde HF	108 404	1,1%	0,7%	3,4 - 2,2	2,8 - 3,0
Fjaler	2 802 ↑	2,8% ↑	7,1%	2,7 - 2,5	2,4 - 2,7
Askvoll	3 011 ↓	-1,0% ↓	-4,4%	2,4 - 1,8	2,8 - 3,0
Høyanger	4 101 ↓	-10,2% ↓	-14,8%	2,9 - 1,5	3,3 - 3,4
Solund	802 ↓	-7,0% ↓	-3,5%	2,5 - 1,8	3,4 - 3,0
Hyllestad	1 328 ↓	-3,8% ↓	-2,9%	2,4 - 1,8	3,7 - 3,7

Tabell 4: Nasjonal, regional og lokale samanlikningar av folketalsframskrivingar, berekraft- og forsørgjarbrøken. Kjelde: www.samhandlingsbarometeret.no

2.4 Bustader og stadutvikling


Bustadpolitikk er eit tverrfagleg område som handlar om å vere ein attraktiv plass å bu samstundes som ein skal jobbe for at alle skal ha ein trygg stad å bu. Hyllestad kommune er i ei særstilling i Norge, då vi ein av få kommunar som ikkje har eit tydeleg sentrum. Kommunen har omsorgssenteret på Sørbøvåg, kommunehus/idrettsanlegg/ungdomsskule/barnehage på Hyllestad og lagt til rette for næring i Leirvik.

Bustadmarknaden i Hyllestad kommune er utfordrande, då det er relativt låg etterspurnad etter eigedom i kommunen. Dette medfører låg marknadsverdi på eigedom og gjer det vanskeleg å få i gong private utbyggingsprosjekt.

2.4.1 Bustadmønster, sentrumsutvikling og tettstaddanning

Kartet syner brukseiningspunkt til bustad i Hyllestad kommune, med merka områder for gangavstand til daglegvare og innanfor 4 km til avstand til grunnskule. Hyllestad har eit samla areal av land og ferskvatn på om lag 259 km². Kommunen har i dag ingen område som vert definert som tettbygde, men tre bygdesenter med daglegvarebutikk:

- **Leirvik:** Størst folketal, hotell med restaurant/kafé og er dominert av hjørnesteinsbedrifta i kommunen.
- **Sørbøvåg:** Senter for kommunen sine omsorgstenester.
- **Hyllestad:** Administrasjonssenter for kommunen, grunnskulen, barnehage og Hyllestadhallen (felles anlegg for kultur og idrett).



Figur 8: Brukseiningspunkt, gangavstand til daglegvare og innanfor 4 km avstand til grunnskule for Hyllestad kommune. Kjelde: Bustad - Avstand til tjenester, Vestland fylkeskommune.

3.2.1.1. SENTRUMSSATSING I HYLLESTAD

For å styrke busetnad og attraktivitet har kommunen valt å prioritere ei målretta satsing på Hyllestad sentrum. Satsinga er forankra i *kommuneplanen sin samfunnsdel 2018–2030*, og det ligg føre politiske vedtak om at Hyllestad skal vere hovudområde for vidare utvikling av bustader, fritidsaktivitetar, skule og barnehage. Planområdet strekkjer seg frå fjorden til Kvernsteinsparken, med særleg vekt på turveg og nærområde. Arbeidet med å utvikle eit tydeleg kommunesenter i Hyllestad starta tilbake i 2012, då kommunen var blant dei få i landet utan eit definert sentrum. I 2020 vart det gjennomført ein moglegheitsstudie i 2020 som peikte på behovet for ei samla styrking av Hyllestad sentrum, mellom anna gjennom utvikling av turveg, etablering av gjestehamn og servicebygg, og vidareutvikling av sentrumsplassen.

2.4.2 Bustadmassen, -bygning og -behov


Hyllestad kommune har 876 bustadar i 2025. Einebustad utgjer eit klart fleirtal av den totale bustadmassen i kommunen. 32,7 prosent av alle busette i Hyllestad bur på landbrukseigedom.⁶

Bygningstypar (tal per 04.03.2025)	Tal	Prosent
Einebustad	751	85,7%
Tomannsbustad	26	3 %
Rekkehus	65	7,4 %
Bustadblokk	0	0 %
Bygning for bufellesskap	21	2,4 %
Andre bygningar	13	1,5 %
Totalt	876	100%

Tabell 5: Bustadmassen i kommunen (bebudd og ubebudd). Tal sist oppdatert 03/04/2025. Kjelde: SSB, tabell 06265.


Byggefrequensen av einebustader dei siste 10 åra har i snitt vert på 2 bustader i året.

⁶ 06265: Boliger, etter bygningstype (K) 2006-2025




Figur 9: Tal fullførte bustader etter bygningstype i Hyllestad kommune 2014-2024. Tal sist oppdatert 29/01/2026. Kjelde: SSB, tabell 05940.

Hyllestad kommune har dei siste 10 åra hatt 40 bustadomsetnader for einebustad, 4 i snitt per år.



Figur 10: Tal bustadomsetnad for einebustad i HAFS kommunane og Høyanger kommune 2014-2024. Tal sist oppdatert 13.01.2025. Kjelde: SSB, tabell 06035.

I Hyllestad eig 79 prosent av innbyggjarane eigen bustad, medan 20,2 prosent leiger.



Figur 11: Prosentdel personar med registrert eigarstatus i 2024. SSB, tabell 11038.

3.2.1.2. TILRETTELAGDE TOMTER OG KOMMUNALE BUSTADER

Hyllestad kommune har [ledige og tilrettelagde tomter](#). Tomtene er svært attraktive, har flott utsikt, gode solforhold og har veg, vatn og avløp til tomtengrensa. Kommunale bustadfelt og ledige tomter:

- Eidsnesfeltet
- Myklebustfeltet
- Salbu bustadfelt
- Øver Heggebø

Kommunen disponerer kommunale bustader som kan nyttast for å støtte innbyggjarar i å etablere og oppretthalde eigna bustadforhold. Alle kan søkje om å leige kommunal bustad. Nokre bueiningar er behovsprøvd og vert berre tildelte personar som er vanskelegstilte på bustadmarknaden.

Bueining	Stad	Behovsprøvd
Ytre Bøvegen 29	Leirvik	Nei
Ytre Bøvegen 25	Leirvik	Nei
Nedre Heggebøen 36	Leirvik	Nei
Nedre Heggebøen 34	Leirvik	Nei
Nedre Heggebøen 32	Leirvik	Nei
Nedre Heggebøen 30	Leirvik	Nei
Nedre Heggebøen 12	Leirvik	Ja
Nedre Heggebøen 10	Leirvik	Ja
Nedre Heggebøen 4B	Leirvik	Ja
Nedre Heggebøen 4A	Leirvik	Ja
Nedre Heggebøen 2B	Leirvik	Ja
Nedre Heggebøen 2A	Leirvik	Ja
Myklebustlia 20	Hyllestad	Ja
Myklebustlia 14	Hyllestad	Ja
Myklebustlia 12	Hyllestad	Ja
Myklebustlia 9B	Hyllestad	Nei
Myklebustlia 9A	Hyllestad	Nei
Myklebustlia 7B	Hyllestad	Nei
Myklebustlia 7A	Hyllestad	Nei

Tabell 6: Oversikt kommunale utleigebustader i Hyllestad kommune. Kjelde: [Kommunale utleigebustader - Hyllestad kommune](#)

3.2.1.3. FRAMTIDIG BUSTADBEHOV OG UTVIKLING

Hyllestad kommune fekk i 2025 støtte frå Husbanken til eit bustadprosjekt og førebur no prosjektplanen og det vidare arbeidet. Prosjektet skal utarbeide ein bustadplan med tilhøyrande bustadsosial handlingsplan. Arbeidet inkludera kartlegging av behov for nye bustader, behov for rehabilitering av eksisterande bustader, behov for bemanna omsorgsbustader og vurdering av eigna bustadtypar og lokaliseringar. Prosjektet har plan og behov for ein samansetnad av representantar som kan vere med på prosessen og gjennomføringa.

2.4.3 Fritidsbustad

I 2025 var det totalt 285 hytter og andre typar fritidsbustader i kommunen. Av desse låg 261 utanfor definerte fritidsbyggområde. Desse einingane blir rekna som enkeltstående fritidsbygg eller samlingar på inntil fire fritidsbygg⁷. Gjennomsnittleg byggefrekvens for fritidsbustader dei siste fem åra har vore 2,3 einingar per år.

Fritidsbustader (tal per 31.12)	2020	2021	2022	2023	2024	2025
---------------------------------	------	------	------	------	------	------

⁷ 10328: Fritidsbygg innenfor og utenfor tettbygd fritidsbyggområde, etter bygningstype og størrelse på område (K) 2014-2025

////////////////////////////////////

Fullførte fritidsbustader	1	2	4	4	3	0
Gjennomsnittleg bruksareal (m ²) fullført fritidsbustader	42,0	106,0	109,8	94,5	93,7	0,0

Tabell 7: Byggeareal. Tal fritidsbustader og gjennomsnittssareal. SSB data f.o.m. 2020. Tal sist oppdatert 29/01/2026. Kjelde: SSB, tabell 13633

2.4.4 Rekreasjonsareal og friluftsområde

Kommunen har støtta utviklinga av rekreasjonsareal i alle dei tre bygdesentera. Samstundes er det frivillige, lag og organisasjonar som har lagt ned eit stort tal dugnadstimar for å skape varierte og attraktive turområde i heile kommunen. Dugnadsanda står sterkt, og satsinga gjennom [LivOGLyst](#), eit treårig program for lokalsamfunnsutvikling som alle tre bygdesentera i kommunen har delteke i, har vore ein viktig drivkraft.

Synleggjering av rekreasjonsareal og friluftsområde i kommunen er òg ein del av arbeidet med besøksforvaltning. Målet er å sikre gode opplevingar for både innbyggjarar og tilreisande, samstundes som ein tek vare på natur og lokalsamfunn. Kommunen har jamleg dialog med lokale reiselivsaktørar og destinasjonsselskapet Visit Fjordkysten og Sunnfjord. Samarbeidet skal bidra til å prioritere kva område som skal marknadsførast, korleis dei skal presenterast og korleis ein kan unngå overbelastning av sårbare natur- og kulturmiljø. Dette vert følgt opp gjennom ordninga [Merket for Berekraftig reisemål](#), som Visit Fjordkysten og Sunnfjord vart tildelt i 2025.

Rekreasjonsområde og turstiar	Hamneanlegg	Idrett og nærmiljø
- Kvernsteinsparken: kvernsteinshistorie (Hyllestad) - Myklebustneset: badestrand, rasteplass, leikeområde, kulturminne frå krigen (Hyllestad) - Heggebøneset: badestrand, sauna, offentleg toalett (Leirvik) - Hamneparken: badestrand, aktivitetspark, volleyballbane (Sørbøvåg) - Folkestien (Sørbøvåg) - Lifjellet - Svartedalen (Hyllestad) - Panoramahytta (Leirvik) - Dagsturhytta «Sørefjordhytta» - Trondheimske postveg	- Småbåthamn i Leirvik - Småbåthamn på Sørbøvåg - Småbåthamn på Hyllestad - Almenningskai på Eide hamn	- Hyllestadhallen: allidrett, volleyball, handball, fotball, badminton, innebandy, m.m. - Hyllestad idrettsanlegg: friidrett, fotball, tennis. - Skytebane ute (Sørbøvåg)

2.5 Sosial berekraft: Folkehelse

Sosial berekraft er eit breitt omgrep som omfattar både fysiske og ikkje-fysiske faktorar. Noko viktige område det inkluderer er utdanning, arbeidsdeltaking, likestilling, kulturelt mangfald og helsetilbod. Sosiale forhold handlar om korleis folk har det i samfunnet, om dei får oppfylt rettane sine, og om dei kan påverke eigne liv og samfunnet rundt seg.⁸

Å fremje god folkehelse og utvikle eit samfunn som er tilpassa og inkluderer alle i heile livsløpet for befolkninga er eit viktig nasjonalt og lokalt mål. Det viktigaste folkehelsearbeidet skjer lokalt og grip inn i folk

⁸ <https://fn.no/tema/baerekraftig-utvikling-fattigdom-og-befolkning/baerekraftig-utvikling>

sin kvardag. Eit godt og tett samspel over grensene til den enkelte, offentlig, privat og frivillig sektor er avgjerande for å nå best resultat. Eit levande lokalsamfunn, bygder og sentrum er tufta på respekt, openheit, samhald og tillitsfulle relasjonar. Desse verdiane bidreg til aktiv deltaking, mangfald og samarbeid.

Når det gjelder helsetilstanden i Hyllestad, er den generelt god samanlikna med landsgjennomsnittet. Kommunen satsar på å førebygge sjukdom, skade og fremje helse for alle aldersgrupper. Barnehage og skule er offentlege arenaer for dei yngste, medan dei minste har vi fokus på gjennom svangerskapsomsorga og helsestasjonen. [HAFS barnevernsteneste](#) kan yte hjelp til barn og familiar som treng det. Helse og omsorg yter innsats for personar som treng helsehjelp og omsorgstenester. Mangfaldet av aktivitetar ser ein igjen i dei mange frivillige lag og organisasjonane som utgjer den frivillige sektoren. Ein sektor der alle bidreg til å fremje folkehelsa gjennom å opplyse og styrke trivsel og samhald i eit støttande og berekraftig lokalsamfunn. Lokale møteplassar som inkluderer mangfaldet i befolkninga og styrkar det sosiale fellesskapet og relasjonar mellom folk er verdifullt å støtte opp om.


Utanforskap og rekruttering av arbeidskraft til næringslivet og offentlig sektor er ei kjent utfordring og vil krevje felles innsats. Det handlar om å bidra til å det gode omdømmet, inkludering og tilrettelegging for eit godt og meningsfullt liv. Den eldste generasjonen vert stadig viktigare å styrke og halde frisk og aktiv, slik at dei kan bidra framover når den yngre generasjon vert færre i forhold til dei eldre. Denne utviklinga er lik i omliggande kommunar og resten av landet.

Førebygging framfor reparasjon vert stadig viktigare, samstundes som behandling spelar ei sentral rolle. Krav, rettigheter og økonomi fylgjer i mindre grad kvarandre dei neste åra. Derfor er det viktig at forholdet mellom plikt og rett, kost og nytte samt at politikk og drift vert grundig vurdert og styrande for prioriteringar framover. Når helsa skrantar og ein taper funksjonar vert folk sårbare for sjukdom og svikt i helsa. Trivsel og livskvaliteten vert påverka og det er fare for diskriminering og utestenging frå ei rekke samanhengar i samfunnet. Universell utforming og tilrettelegging for sviktande funksjonar og helseutfordringar både i private heimar, offentlege institusjonar og sentrale fellesområde er viktig å bidra til å sikre. Dette er særleg viktig for barn og menneske med ulike former for funksjonsnedsetting.


2.5.1 Folkehelseoversikt

Hyllestad kommune har ikkje eiga folkehelseoversikt, men deltek i det interkommunale samarbeidet [Folkehelseavdelinga](#), som utarbeider ein felles oversikt over folkehelsa for alle samarbeidskommunane. Kinn kommune har vert vertskommune for arbeidet sidan 2013 og Hyllestad kommune blei med i samarbeidet i 2022. Her kan du lese den oppdaterte generiske [folkehelseoversikta for 2025](#). [Samhandlingsbarometeret](#) har ein kommuneprofil for Hyllestad kommune. Kommuneprofilen for 2024 vise ein oversikt over demografi, folkehelse og samhandling, samanlikna med Norge. Figur 12 er eit utklipp frå kommuneprofilen og gjev eit raskt overblikk korleis kommunen ligg an samanlikna med landsgjennomsnittet.





Nøkkeltal samanlikna med Norge



Figur 12: Kommuneprofil for Hyllestad kommune. Det gule området markerer landsgjennomsnittet, medan det blå viser kor mykje kommunen avvik frå dette. Kjelde: Samhandlingsbarometeret (NPR, FHI og Kostra)

Helsedirektoratet sin definisjon av folkehelsearbeidet er «samfunnets innsats for å påverke faktorar som fremjar befolkningas helse og trivsel, forebygge sjukdom skade eller liding, beskytte mot helsetruslar og arbeid for en jamnare fordeling av påverknadsfaktorar». Folkehelsa påverkar forholdsvis alle samfunnsområde i kommunen. Det vil vere viktig å få ei oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar som motverkar sosial ulikskap i Hyllestad. Data presentert nedanfor er vurdert opp mot lokal kunnskap om forhold i Hyllestad, samt samanlikna med historiske utviklingstrekk og tidlegare undersøkingar. Folkehelseinstituttet peikar på at lokal innsikt er avgjerande for å utfylle det statistiske grunnlaget og gje eit meir presist bilete av folkehelsa i kommunen. Merk difor at enkelte data er basert på små utval og difor ikkje er offentleg tilgjengelege, av omsyn til personvernet.

2.5.2 Folkehelseprofilen

Folkehelseinstituttet utarbeidar kvart år ein folkehelseprofil som tek for seg fem tema: befolkning, oppvekst og levkår, miljø og skadar/ulukker, helse relatert åtferd og helsetilstand. Kva for tema og indikatorar som blir vektlagde, varierer frå år til år, og difor er indikatorane plasserte ulikt i profilane. I 2024 er temaet helsa til eldre, og indikatorar byggjer på dette.

- Negativ befolkningsvekst.
- Nedgang i tal born 0-17 år:

K-4637 Hyllestad	31.12.2014	31.12.2024
0-17 år	218	181

Tabell 8: Tal born i Hyllestad kommune i 2014 og 2024. Kjelde: SSB, tabell 07459.

- Del innbyggjarar over 45 år som bur aleine (Folkehelseprofil for 2023): 27,9%.
- Del innbyggjarar over 75 år som bur aleine (Folkehelseprofil for 2024): 43,6%.
- Del over 80 år er, ifølgje samhandlingsbarometeret (2025) 9%. Det er forventa å auke med 3,2 % fram mot 2050.
- Høg del av befolkninga i Hyllestad leige bustad. Leigetakarar i alderen 20 til 67 år, mindre fornøgd med livet enn bustadeigarar. Leige av bustad er forbunde med lågare opplevd livskvalitet for personar med og utan barn, spesielt for personar som leige seinare i livet. Personane som leige bustad har oftare levkårsproblem, dårlegare bu-forhald, er økonomisk vanskelegstilt og har mindre tilhøyrslse til bustaden,

samanlikna med bustadeigarar.⁹

- Når det gjeld helserelatert åtferd seier folkehelseprofilen for 2024 lite grunna anonymisering.
- Folkehelsa i Hyllestad kommune er generelt bra og stabil med ein relativ frisk befolkning som er prega av lite antibiotikabruk (Folkehelseprofil for 2023).

2.5.3 Oppvekstprofilen 2024

Tema for oppvekstprofilen i 2024 er kvifor vennskap og fellesskap med jamaldra er så viktig for barn og unge. Temaet blir spegla i indikatorar.

- I Hyllestad er det fleire born som lever i låginntektsfamiliar enn i landet elles (Oppvekstprofilen 2024).
- [Ungdata 2024](#) viser at dei unge er bekymra for framtida.
- Dei unge i Hyllestad er over landsgjennomsnittet i gjennomføring av vidaregåande skule, med ein gjennomføringsgrad på 86%.
- Ferske tal frå [Ungdata 2024](#) viser god/veldig god livskvalitet. Likevel skal vi vere observante på trivsel på skulen, rapportert frå 10.klasse. I Elevundersøkinga viser det tydeleg at motivasjonen for skulearbeid fell utover i skuleløpet, og særleg mot slutten av grunnskuleløpet.

Det synest å vere eit paradoks at dei unge bekymrar seg, veks opp i låginntektsfamiliar og likevel scorar høgt på livskvalitet.

Utanforrekneskapen

Trass høg gjennomføringsgrad i vidaregåande skule på heile 86% i 2024, må ein vere merksam på dei unge som likevel står utanfor utdanning, arbeid eller arbeidstrening (NEET). Kjende risikofaktorar som kan gjere born og unge sårbare. Risikofaktorar omfattar oppvekst i låginntektsfamiliar, barnevernstiltak, foreldre med psykiske lidingar, rusproblem eller somatiske plager, samt eigne psykiske utfordringar eller åtferdsvanskar. Dei har ofte mangel på relasjonar og rapportera på låg sjølv- og meistringsskjensle.

Økonomiske barrierar bidreg til utanforskap og avgrensa deltaking. Det er også indikasjonar på manglande samsvar mellom individuelle behov og tilgjengelege tenester. Utanforrekneskapen, utvikla av KS, er ein modell som synleggjer potensielle økonomiske gevinstar av førebyggjande innsats retta mot risikogrupper: <https://www.ks.no/utenforregnskapet>.

2.5.4 Oppvekst og levekår


Ein trygg oppvekst gir grunnlag for eit godt liv. Definisjonen på kva eit godt liv er, varierer, men handlar gjerne om god fysisk og psykisk helse, deltaking i samfunnet og det å kjenne på tilhøyrsl. Føresette og familien er viktigast for barn og unge sin oppvekst. Føresette som tek kloke val, og som saman med andre trygge vaksne i Hyllestad gir tryggleik, omsorg og rammer. Dette vil gje barn og unge mogelegheiter til å utvikle seg positivt.

Oppveksttilhøve og utdanning er viktige kommunale innsatsområde, og erfaringar frå barndommen kan påverke mogelegheiter, livskvalitet og samfunnsdeltaking seinare i livet. Sektoren er i stadig endring, og for å kunne gje born og unge eit god utgangspunkt, må vi arbeide saman. Vi må ha god kvalitet på tenestene, men og fokus på samanheng, heilskap og samhandling.

3.2.1.4. ARBEIDSLAUSE

⁹ [Leietakere mindre fornøyd med livet – SSB](#)

NAV definerer heilt ledige arbeidssøkjjarar som personar som har vore utan arbeid dei siste to vekene. Per januar 2026 syner NAV-tala at 1,3 prosent av arbeidsstyrken i Hyllestad er heilt ledige. Samanlikna med Vestland, Høyanger og dei andre HAFS-kommunane har Hyllestad hatt høgare arbeidsløyse dei siste fem åra.



Figur 13: Gjennomsnitt i prosent av arbeidsstyrken av heilt ledige arbeidssøkjjarar 2020-2025. Kjelde: Nav.no

3.2.1.5. UTDANNINGSNIVÅ

Det er godt dokumentert at utdanningsnivå, materielle levekår og helse heng tett saman. Dei fleste grupper i befolkninga i Norge har fått betre helse dei siste 30 åra, men helseforbetringa har vore størst for dei som i utgangspunktet hadde best føresetnader: personar med høg utdanning, god inntekt og stabile parforhold. For grupper med låg utdanning og inntekt har helsegevinstane vore mindre, og helseskilnadene har derfor auka, særleg dei siste ti åra. Utdanningsnivå er òg knytt til risikofaktorar for hjarte- og karsjukdommar, som røyking, høg BMI, høgt blodtrykk og høgt kolesterol. Desse forskjellane går igjen uavhengig av alder.¹⁰

I Vestland har prosentdel av grunnskule frå 2019-2024 hatt ein generell nedgang, medan vidaregåande eller høgare utdanning har hatt ein stabil auke. I Hyllestad viser aldersgruppa 25–44 år ei motsett utvikling: Her har delen med grunnskule auka frå 2019 til 2024, samstundes som delen med vidaregåande eller høgare utdanning har gått ned.

Geografi	Alder	Utdanningsnivå	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Vestland	25-44 år	grunnskule	17,5	17,3	17,1	16,6	16,3	15,8
		vidaregåande eller høgare utdanning	82,5	82,7	82,9	83,4	83,7	84,2
	45-74 år	grunnskule	17,7	17,3	16,9	16,5	16,4	16,2
		vidaregåande eller høgare utdanning	82,3	82,7	83,1	83,5	83,6	83,8
	75 år +	grunnskule	32,4	30,8	29,0	27,5	26,1	24,7
		vidaregåande eller høgare utdanning	67,6	69,2	71,0	72,5	73,9	75,3
Hyllestad	25-44 år	grunnskule	16,7	17,2	17,4	17,3	18,9	19,4
		vidaregåande eller høgare utdanning	83,3	82,8	82,6	82,7	81,1	80,6
	45-74 år	grunnskule	17,0	15,9	14,8	14,4	14,3	14,1
		vidaregåande eller høgare utdanning	83,0	84,1	85,2	85,6	85,7	85,9
	75 år +	grunnskule	33,7	34,8	33,3	33,3	32,7	28,9

¹⁰ [Utdanningsnivå - FHI Statistikk](#)

	vidaregåande eller høgare utdanning	66,3	65,2	66,7	66,7	67,3	71,1
--	-------------------------------------	------	------	------	------	------	------

Tabell 9: Utdanningsnivå prosentdel fordelt på alder i Vestland og Hyllestad kommune 2019-2024. Kjelde: [Utdanningsnivå - FHI Statistikk](#)

3.2.1.6. GJENNOMFØRINGSGRAD I VIDAREGÅANDE SKULE

Ein antar at personar som ikkje har fullført vidaregåande utdanning er like utsett for levekårs- og helseproblem som dei som har valt å ikkje ta meir utdanning etter fullført ungdomsskule. Å få fleire til å fullføre vidaregåande skule er viktig for folkehelsa. Det er ein klar samanheng mellom manglande vidaregåande skulegang og helseproblem, rusliding og dårlege levekår seinare i livet. Ungdom utan vidaregåande skule har dårlegare helse, bruker meir rusmidlar og har fleire psykiske lidingar.¹¹

På landsbasis fullfører og består 82,2% elevar vidaregåande opplæring i løpet av fem år. Sogn og Fjordane var med 82,7% blant fylka med høgast gjennomføringsgrad i perioden 2017-2023, og låg over gjennomføringa på landsbasis [ssb.no](#). Data frå Vestland fylkeskommune viser at gjennomføringa i fylket var på 89,1% i 2020/2021 og på 86,8% i 2021/2022 (Kjelde Vigo). Gjennomføringa er høgare på studieførebuande fag enn på yrkesfag, dette kan forklarast med at mange elevar som vel yrkesfag har lågare inntakspoeng. Men det er store skilnader mellom yrkesfaga. Fleire jenter enn gutar gjennomfører.

Gjennomføring i vidaregåande opplæring				
	Fullført med studie- eller yrkeskompetanse på normert tid	Fullført med planlagt grunnkompetanse innen 5/6 år	Fullført med studie- eller yrkeskompetanse på mer enn normert tid	Totalt fullført og bestått (inkl. grunnkompetanse) innen 5/6 år
Voss	69,1	4,3	13,8	87,2 %
Flora	70,4	2,1	10,6	83,1 %
Gulen	84,2	-	2,6	86,8 %
Solund	87,5	-	-	87,5 %
Hyllestad	75,0	-	15,0	90 %
Høyanger	78,2	-	9,1	87,3 %
Vik	62,5	-	31,3	93,8 %
Balestrand	80,0	-	-	80,0 %
Leikanger	72,0	4,0	12,0	88 %
Sogndal	72,9	1,0	16,7	90,6 %
Åurland	87,5	-	6,3	93,8 %
Lærdal	65,8	2,6	15,8	84,2 %
Årdal	78,5	4,6	7,7	90,8 %
Luster	78,1	-	14,1	92,2 %
Askvoll	81,8	-	12,1	93,9 %
Fjaler	78,3	4,3	8,7	91,3 %
Gaular	72,7	6,8	4,5	84 %
Jølster	72,5	2,5	17,5	92,5 %
Førde	75,7	3,0	8,9	87,6 %
Naustdal	67,6	-	18,9	86,5 %
Bremanger	62,7	5,1	11,9	79,7 %
Vågsøy	68,8	1,3	15,6	85,7 %
Selje	75,0	-	7,5	82,5 %
Eid	57,0	1,1	21,5	79,6 %
Hornindal	68,0	-	12,0	80 %
Gloppen	78,1	-	12,5	90,6 %
Stryn	80,4	2,1	8,2	90,7 %


Figur 14: Kjelde: Vigo frå Folkehelseoversikt for Sogn og Fjordane.

3.2.1.7. SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet vert påverka av fleire forhold, men muskel- og skjelettplager og psykiske helseutfordringar dominerer statistikken. Det er òg klare skilnader mellom kvinner og menn: Kvinner blir oftare sjukmelde for psykiske lidingar enn menn. Muskel- og skjelettplager er meir vanlege hos personar med låg sosioøkonomisk status, vanlegare hos kvinner enn hos menn, og vanlegare blant eldre enn yngre (Folkehelseinstituttet, 2022).¹²

¹¹ Barn og unges helse: oppvekst og levekår - FHI


¹² https://www.nav.no/_/attachment/inline/929bb61f-d99c-4edd-881b-dc2439acabc0:5ba00cbca51fa6ec9cbc5e256a198b5f13aa7fcb/%C3%85rsnotat%20sykefrav%C3%A6r%20%C3%A5ret%202024.pdf



Figur 15: Legemeldt sjukefråvær blandt lønnsstakarar (i prosent) i Norge, Vestland og Hyllestad kommune. Kjelde: SSB, tabell 12446 og 12451

3.2.1.8. UFØRETRYGD

Gruppa som mottok uføretrygd er ei utsett gruppe helsemessig. Uføretrygding er ein indikator på helsetilstand, men må sjåast i samanheng med næringsliv, utdanningsnivå og mogelegheiter for jobbtillbod i kommunen.



Figur 16: Mottakarar av uføretrygd. Gjennomsnitt i prosent av befolkninga 18-67 år Kjelde: Nav.no

3.2.1.9. MOTTAKARAR AV ØKONOMISK SOSIALHJELP

Personar som står utanfor arbeidsliv og utdanning har oftare dårlegare psykisk helse og meir usunne levevanar enn dei som er i arbeid. Dei siste ti åra har delen som får sjukmelding og uføretrygd vore høgare i Noreg enn i andre OECD-land, utan at dette kan forklarast med større helseproblem i befolkninga. Årsakene til sjukefråvær og uføretrygd er samansette. Faktorar som utrygg arbeidssituasjon, ned bemanningar og livsstil kan påverke både sjukefråværet og talet på søknader om uføreytingar. Fleirtalet av sjukmeldingane og langvarige trygdestønader blir gjeve for muskel- og skjelettlidingar og psykiske lidingar som angst og depresjon.¹³

Tabell 10 viser delen av befolkninga som mottok stønader frå NAV i alderen 20 til 66 år. Dette omfattar mottakarar av uføretrygd, arbeidsavklaringspengar, arbeidsløysetrygd, overgangsstønad for einslege forsørgjarar, stønad til barnetilsyn og tiltaksmottakarar (individstønad) per desember.

	2019	2020	2021	2022	2023
--	------	------	------	------	------

¹³ [Mottakere av stønader fra NAV - FHI Statistikk](#)


Vestland	14,56	17,40	15,75	14,63	14,98
Solund	13,80	14,21	14,70	14,11	13,32
Hyllestad	13,20	14,66	17,43	14,79	17,34
Høyanger	16,80	19,15	18,46	18,09	18,10
Askvoll	13,02	13,67	13,42	12,93	12,73
Fjaler	13,10	14,36	13,99	12,64	13,59

Tabell 10: Del av befolkninga mellom 20-66 år som mottok stønader frå Nav. Kjelde: [Mottakere av stønader fra NAV - FHI Statistikk](#)

3.2.1.10. BARNEVERN

Barn under tiltak frå barnevernet varierer mellom utvalde kommunar i Vestland. Utviklinga siste 5 år har vore stabil utan at ein kan identifisere større trendar. Ei auke kan skuldast at barnehagen, skulen og kommune- og spesialisthelsetenesta har blitt meir merksam på risikofaktorar og sender fleire meldingar til barnevernet. Barn under tiltak frå barnevernet er ikkje nødvendigvis negativt for folkehelsa.

Barn som lever med vald og overgrep, kan få alvorlege og varige psykiske og fysiske skader. Barnevernet si hovudoppgåve er å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade helse og utvikling får nødvendig hjelp og omsorg. Barnevernet tilbyr foreldretraining og andre familie- og nærmiljøbaserte tiltak og metodar i kortare eller lengre periodar [bufdir.no](#).



Figur 17: Prosentdelen barn 0–17 år med barnevernstiltak. Tiltaka omfattar både hjelpetiltak og omsorgstiltak. Kjelde: [Barn med barnevernstiltak - FHI Statistikk](#)

3.2.1.11. SOSIAL STØTTE OG EINSEMD


Ungdomstida er ei fase der jamaldringar betyr mykje. Venner gjev glede, tryggleik og stadfesting, og kven ein er saman med blir etter kvart vel så viktig som kva ein gjer. Behovet for venner varierer: Nokre trivst med få nære relasjonar, medan andre ønskjer ein større vennegjeng eller mange kontaktar på sosiale medium. Digitale plattformer har endra forma på samværet, men kvaliteten på vennskap er framleis viktigare enn talet på venner for dei fleste. Jamaldringar påverkar utviklinga av sjølvbilete og sosial kompetanse, og mange får vennskap som varer livet ut. Det er derfor positivt at Ungdata viser at dei fleste ungdommane har venner å vere saman med. Samstundes er det uroleg at om lag éin av ti ungdomar i Noreg manglar ein ven dei kan stole på og snakke med om alt mogleg.

[Ungdata](#)-undersøkinga våren 2024 blant ungdomsskuleelevar i Hyllestad kommune viser at dei fleste har gode sosiale relasjonar. 87 prosent har minst éin ven dei kan stole på, og 93 prosent har nokon å vere saman med på fritida. Dette er på same nivå som landstala. I Hyllestad svarar 100 prosent at dei har nokon å vere saman med i friminutta, og 4 prosent svara at dei har vore svært plaga av kjensla av einsemd den siste veka.


3.2.1.12. LÅGINNTEKT HUSHALDNING

Låginntektshushaldningar er ein sentral variabel når det gjeld oppvekst og levekår. Låginntekt er definert som EU60. Desse familiane har mindre enn 60% av gjennomsnittsinntekta å leve for etter skatt, og dette omfattar også faktorar som sosialhjelp og kapitalinntekter. Det er eit særleg fokus på vilkåra til barn som veks opp i fattigdom. Ein ser systematiske skilnader mellom barn som veks opp i familiar med låg inntekt og andre barn på fleire viktige område i barna sine liv. Konsekvensane av å vekse opp i ein familie med låg inntekt er større dersom familien har hatt låg inntekt i ei årrekke samanlikna med familiar som har låg inntekt ein kort avgrensa periode.

Fattigdom i barnefamiliar rammer nokre grupper meir enn andre. Einslege forsyttarar, samlivsbrot, innvandrarar, arbeidslause, uføretrygda og par med barn under 18 år er grupper som er særleg utsett.



Figur 18: Prosentdelen låginntektsgrense EU60 av hushald med vedvarande låginntekt. Kjelde: [Vedvarende lavinntekt, etter innvandringskategori - FHI Statistikk](#)



Figur 19: Prosentdelen låginntektsgrense EU60 av hushald med vedvarande låginntekt. Alder 0-17 år. Kjelde: [Vedvarende lavinntekt, etter innvandringskategori - FHI Statistikk](#)

3.2.1.13. UTANFORSKAP

Dei som ikkje er i arbeid, utdanning eller anna aktivitet kjem innunder definisjonen for utanforskap. Manglande meistring i skule eller jobb, psykisk eller fysisk sjukdom, rus, mobbing, einsemd, omsorgssvikt og fattigdom er eksempel på livssituasjonar som kan setje unge menneske på sidelinja.

Grunna psykisk uhelse, rus, lærevanskar, funksjonshemming, omsorgssvikt, låginntekt eller anna, kan born og unge ha vanskar med å delta i skule, arbeid eller lokalsamfunn.

Ein høg del ungdom som mottek helserelaterte ytingar har dårlegare psykisk helse og er lågt utdanna. Familie- og innvandrarbakgrunn, avbrot i skulegang, dårleg psykisk helse, og psykososiale problem har betydning.¹⁴ Eit utanforskap har store omkostningar for den det gjeld, er eit stort tap og har store økonomiske kostnader for samfunnet.

NEET står for Not in Education, Employment, or Training og vert brukt om personar som verken er i arbeid, utdanning eller opplæring. I tabell 11 er statistikken NEET avgrensa til busette som ikkje er sysselsette, tek utdanning eller deltek i arbeidsmarknadstiltak.

	Alder	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Noreg	15-29 år	10,42	10,89	9,39	9,41	9,83	9,86
	20-66 år	18,77	19,77	18,36	18,08	18,29	18,45
Vestland	15-29 år	9,52	10,17	8,82	8,62	8,98	8,95
	20-66 år	17,07	18,14	16,82	16,44	16,46	16,53
Hyllestad	15-29 år	8,89	10,98	5,93	6,38	4,78	7,14
	20-66 år	14,23	15,29	16,17	17,12	18,26	19,64

Tabell 11: Prosentdel personar utanfor arbeid, utdanning og opplæring, fordelt på alder. 2019-2024. Kjelde: [Utenfor arbeid, utdanning og opplæring, etter utdanning - FHI Statistikk](#)

2.6 Økonomisk berekraft og verdiskaping: Næringsliv, arbeidsplassar og sysselsetting

Hyllestad er ein distriktskommune i ytre del av Vestland fylke med eit næringsliv som i stor grad er basert på naturressursar, kysttilgang og småskalaverksemd. Busetnaden er spreidd, og arbeidsmarknaden er relativt liten og tett integrert i ein regional bu- og arbeidsmarknad.

2.6.1 Næring og verdiskaping

[Næringslivet i Hyllestad](#) er prega av små og mellomstore verksemdar, med unntak av skipsverftet Havyard Leirvik. Primærnæringane, særleg landbruk og havbruk, har tradisjonelt hatt ei sentral rolle i lokal verdiskaping og sysselsetting. Jordbruket omfattar i hovudsak husdyrhald og grasproduksjon, medan havbruksnæringa nyttar sjøareal i kommunen til matfiskproduksjon.

Industriell verksemd og bygg- og anleggsnæring er òg representert, saman med varehandel, transport og ulike tenesteytande næringar. Offentleg sektor, inkludert kommunale tenester innan oppvekst, helse og omsorg, utgjer ein vesentleg del av sysselsettinga.

Kommunen har kulturhistoriske verdiar knytte til mellom anna Kvernsteinsparken i Hyllestad, som dokumenterer ei lang historie med uttak og produksjon av kvernstein. Dette har hatt historisk betydning for busetnad og næringsgrunnlag i området.

Utstyr og tenester til eksportnæring utgjorde i 2023 den nest største kjelda til verdiskaping i Hyllestad kommunen. Næringsaktiviteten er i stor grad knytt til verftsindustrien, som har ei viktig rolle i den lokale arbeidsmarknaden. Skipsverftet i Leirvik er den største private arbeidsgjevaren og hjørnesteinsbedrifta i kommunen. Verftet fekk nye eigarar i 2023 og har sidan hatt namnet Tersan Havyard. Talet på fast tilsette ved verftet har endra seg frå over 200 i 2019 til om lag 70 i 2023. I 2024 signaliserte verksemda planar om å auke arbeidsstokken til om lag 250 tilsette i løpet av dei næraste åra. Ei auke i talet på arbeidsplassar kan

¹⁴ [Microsoft Word - IM Sluttrapport NEET 204025.docx](#)

føre til større etterspurnad etter bustader og kommunale tenester, mellom anna innan barnehage og skule, dersom fleire arbeidstakarar vel å busette seg i Hyllestad.

Marinnæringa utgjorde i 2023 den største kjelda til verdiskaping i Hyllestad kommune, hovudsakleg innan oppdrett. Havbruksnæringa i regionen står ovanfor klare miljøkrav for vidare vekst. I område klassifisert som «raud sone» etter trafikklysmodellen, er det ikkje mogleg å utvide produksjonen utan at innovasjonen blir retta mot meir berekraftige løysingar. Inntekter frå Havbruksfondet genererast framleis til kommunen, og er knytt til lokalitetskapasitet registrert i Akvakulturregisteret, som er styrande for kommunen sin del av auksjonsmidlane.

Landbruksnæringa utgjer ein sentral del av næringsstrukturen i Hyllestad. Jordbruk og skogbruk står fram som den største næringa innan enkeltpersonføretak i Hyllestad kommune, som har ein høgare del enkeltpersonføretak enn andre typar føretaksformer.

Reiselivet har eit stort potensial gjennom naturopplevingar og kulturarv. I 2025 blei Hyllestad kommune miljøsertifisert som berekraftig reisemål og godkjend som UNESCO Global Geopark. Kommunen har i tillegg ansvar for å følge opp satsingar i [Vegkartet for reiseliv 2025–2030](#) saman med Visit Fjordkysten og Sunnfjord. Vegkartet har som ambisjon å sikre ei heilskapleg og langsiktig reisemålsutvikling og skildrar 7 spor som retning for samhandling og utvikling i Fjordkysten og Sunnfjord.

Industri og bergverknæringa er ein del av den lokale næringsstrukturen og omfattar utvinning av mineral og metall til fordeling av råvarer. Mineralnæringa er i hovudsak knytt til byggeråstoff, særleg pukkuttak, men kommunen har òg både historisk og framtidsretta relevans innan metall og industrimineral. Historisk er Hyllestad særleg kjend for kvernsteinsdrift. I eit framtidig og potensielt økonomisk perspektiv peikar NGU på at Fjaler–Hyllestad-området er eitt av dei viktigaste rutilområda i Vestland fylke, der førekomstane er knytte til eklogitt og kan innehalde rutil av mogleg økonomisk interesse¹⁵.

2.6.2 Sysselsetting, arbeidsstraumar og -marknad


Sysselsettinga i kommunen er fordelt mellom offentleg og privat sektor, med ein relativt høg del arbeidsplassar innan offentleg tenesteyting samanlikna med meir sentrale kommunar. Arbeidsmarknaden er kjenneteikna av avgrensa breidde i talet på bransjar og arbeidsplassar, noko som er typisk for mindre distriktskommunar.

Ein del av den yrkesaktive befolkninga pendlar til arbeidsplassar i andre kommunar, samstundes som nokre arbeidsplassar i Hyllestad vert fylte av personar busette utanfor kommunen. Dette viser at Hyllestad inngår i eit større bu-, arbeids- og serviceregion.

Dei tre største næringane i kommunen er:


- **Industri.** Gjeld hovudsakleg skipsverftet i Leirvik som er hjørnesteinsbedrifta i kommunen.
- **Helse- og sosialtenester.** Gjeld hovudsakleg omsorgssenteret på Sørbøvåg.
- **Jordbruk, skogbruk og fiske.** Gjeld hovudsakleg akvakultur, som i praksis er ei stor næring i Hyllestad. Vi veit at det er færre som livnærer seg innan jordbruk og skogbruk.

¹⁵ [NGU Rapport](#)




Figur 20 viser sysselsettinga fordelt på dei fem største næringane i kommunen frå 2014 til 2024 (tal per 31.12). Kjelde: SSB, tabell 07984.

Det er fleire som pendlar ut av kommunen enn inn. Hyllestad har dei siste åra hatt ein auke av personar som pendlar ut av kommunen og ein nedgang i personar som pendlar inn til kommunen.



Figur 21 viser sysselsette fordelt på bustad, inn- og utpendling av kommunen. Kjelde: SSB, tabell 11616. Utrekning: Hyllestad kommune.

Statistikken viser at arbeidsmarknaden er i størst grad kopla saman med Bergen, Høyanger, Sunnfjord og Fjaler.



Figur 22 Inn- og utpendling fordelt på arbeidsstad/geografisk område. Kjelde: SSB, tabell 03321. Utrekning: Hyllestad kommune.

Høg deltaking i arbeidslivet er avgjerande for vekst og verdiskaping. Ein stor del av yrkesbefolkninga på varige

stønader som uføretrygd tyder på låg utnytting av arbeidskrafta. Mykje pendling over kommunegrenser peikar på fleksible arbeidsmarknader¹⁶.

Indikatorverdiar for arbeidsmarknaden i Hyllestad baserer seg på desse verdiane:

- Sysselsettingsandel (bustad): Prosent av befolkninga 15–74 år som er sysselsette og bur i området.
- Sysselsettingsandel (arbeidsstad): Prosent av befolkninga 15–74 år som er sysselsette og arbeider i området.
- Sjukefråvær: Tapte dagsverk ved eigen sjukdom i prosent av avtalte dagsverk.
- Uføre: Prosent av befolkninga 18–67 år som får uførepensjon.
- Arbeidsløyse: Registrerte arbeidsledige i prosent av arbeidsstyrken.

Kommune	Sysselsettingsandel (etter arbeidsstad)	Sysselsettingsandel (etter bosted)	Sykefravær	Uføre	Arbeidsledige
Hyllestad	57,8%	64,8%	5,0%	10,3%	2,2%

Figur 23 viser indikatorverdiar for arbeidsmarknaden i Hyllestad kommune. Kjelde: NHO Kommune-NM for 2025

Tal presentert i Figur 23, samanlikna med tal frå 2024, syner at sjukefråværet har gått ned med 2,2 prosent og arbeidsløyse med 2,8 prosent, medan delen uføre er uendra. Sysselsetting etter arbeidsstad har auka med 1,2 prosent, medan sysselsetting etter bustad har gått ned med 2,3 prosent.

2.7 Klima- og miljømessig berekraft

2.7.1 Klimaprofil

I følge [Klimaprofil for Vestland](#) går regionen inn i eit klima der kraftigare nedbør, meir overvatn og endra flaumforhold vert vanlegare. For kystkommunar som Hyllestad, som allereie har eit mildt og nedbørsrikt klima, betyr dette at vintrane blir både mildare og våtare, og at episodar med styrtregn vil kome oftare. Dette aukar risikoen for overvasstilhøve, erosjon og jord- og flaumskred. Klimaet er allereie i endring, og normalverdiane er no baserte på perioden 1991–2020 for å fange opp at dei siste 20 åra har vore prega av klimaendringar.


Som kystkommune må Hyllestad førebu seg på havnivåstiging og fleire stormflodar. For Vestland er det venta at framtidast høgaste vasstand kan bli mellom 260 og 320 centimeter, noko som gjer lågtliggande område særleg utsette for oversvømmingar.

2.7.2 Klimagassutslepp

Hyllestad kommune hadde i 2024, i følge Miljødirektoratet sine metodar og datakjelder, eit klimagassutslepp på 12 374,67 tonn CO₂-ekvivalentar. Ein auke i utsleppa etter 2020 kan skuldast ein gradvis produksjonsvekst hjå hjørnesteinsbedrifta skipsverftet i Leirvik, men òg ein generell oppgang i næringslivet etter COVID-19.

Klimagassutslepp kan delast inn i direkte og indirekte utslepp. [Miljødirektoratet](#) sitt rekneskap omfatte berre dei direkte, fysiske utsleppa som skjer innanfor Hyllestad kommunen si geografiske grense.

¹⁶ [Kommune-NM: kommuneresultater](#)



Figur 24 viser kommunen sine utslipp kvart år fordelt på sektor. Datagrunnlag «sjøfart» for 2009 - 2015 manglar. Kategorien '*Estimat sjøfart' er satt lik utslippa i 2016, og reflektere derfor ikkje faktiske utslipp for perioden. Kjelde: [Utslipp av klimagasser i Norges kommuner og fylker - miljødirektoratet.no](#)

Sjøfart er den største utslppssektoren i kommunen. Utsleppa frå kategorien inkluderer all utslipp frå skipstrafikk innanfor kommunens geografiske område.

2.7.3 Energiforbruk og -produksjon

[Hyllestad kommune](#) produserer og forbrukar lite elektrisk energi. Det vert produsert totalt 63 GWh og 53 GWh kjem frå vasskraft. I tillegg har kommunen tre energibrønner som gjev termisk energi. I 2023 hadde Hyllestad kommunen eit forbruk på 23 GWh, forbruket fordelte seg slik:

- Hushaldningar og jordbruk 12,5 GWh
- Tenesteyting 4,7 GWh
- Industrien 5,6 GWh

[Områdestudie for Sunnfjord og Ytre Sogn](#) gjennomført i 2025 syner at området har høg del uregulert småkraftproduksjon (ca. 75 verk, 200 MW) og seks større produsentar (235 MW), totalt ca. 435 MW. Nettet handterer dagens produksjon, men kan ha lokale reduksjonar ved ikkje-normal drift.

I Hyllestad og dei omkringliggjande kommunane kjem det meste av straumforbruket frå hushaldningar, mindre industri og næringsliv. Straumforsyninga i Hyllestad, saman med Solund, delar av Fjaler og Høyanger, er straumforsyninga meir sårbar enn i mange andre område. Kommunen blir forsynt via ei radiell linje, noko som betyr at det berre finst éin hovudveg for straumen inn til området. Dersom noko skjer i regionalnettet, må ein stø seg på lokal kraftproduksjon for å halde lys og varme i gang. Det regionale straumnettet slit òg med aldrande 66 kV-anlegg, som i aukande grad vert påverka av aldring, ytre påkjenningar og svekka teknisk tilstand. Fornyingsbehovet til det aldrande 66kV-nettet må sjåast i samanheng med kapasitetsbehov, for å sikre ei meir robust og framtidsretta energiforsyning. BKK AS har ein pågåande konseptvalutredning for Ytre Sogn, knytt til auke i kapasitet.

2.7.4 Miljø: Forureining og avfallshandtering

Hyllestad har mykje flott natur, både vill natur og tilrettelagt natur for opplevingar. Verdien av natur og at det er mogleg å ferdast i natur som ikkje er prega av fysiske inngrep eller ureining, aukar år for år. Det biologiske mangfaldet i kommunen har vore registrert, men framleis er det store deler av kommunen som endå ikkje er kartlagt.

3.2.1.14. MILJØSTAND I VASSFØREKOMSTAR

Hyllestad kommune har, saman med fleire kommunar langs Sognefjorden, vore med i eit samarbeid med

////////////////////////////////////

fylkeskommunen og Statsforvaltaren for å undersøkje elver og innsjøar. Målet har vore å finne ut kva miljøtilstand vassførekomstane våre har, og om det finst teikn til ureining. [Eutrofiovervåking i Vestland 2024](#) er ein del av arbeidet med å sikre at alle elver, innsjøar, kystområde og grunnvatn oppfyller miljømåla i vassforskrifta. Resultata viser den økologiske tilstanden i desse utvalde vassområda.

- Espelandsvatnet bekkefelt: God
- Lølandselva: Moderat
- Oselva: Dårlig

3.2.1.15. DRIKKEVATN

Hyllestad kommune har fire kommunale vassverk: Hyllestad, Bøfjorden, Sørbovåg og Eidsneset. Råvasskvaliteten varierer, og fleire kjelder har redusert miljøtilstand som følgje av ureining. [Hovudplan vassforsyning 2025-2032](#) er ein kommunedelplan som gjev retning for styring og langsiktig planlegging av vassforsyningssektoren. Planen er eit sentralt grunnlag for budsjett- og økonomiplanarbeidet, og fastset mål, vurderer tilstand og utfordringar og oppgjer dei beste tiltaka for å nå måla. Eit sentralt grep i planperioden er ny vassforsyning for både Bøfjorden og Hyllestad. Desse to vassverka hentar i dag vatn frå høgtliggjande vassresipientar utan sikring mot forureining. Trass i dette er reinseanlegget velfungerande og leverer trygt og godt drikkevatt.

3.2.1.16. AVFALLSHANDTERING

Sunfjord Miljøverk IKS (SUM) er kommunen sitt renovasjonsselskap og har ansvaret for slamtømming, bosstømming og gjenvinningsstasjonar i kommunen. Sjå utvald avfallsstatistikk for Hyllestad kommune i perioden 2020-2024 nedanfor.

Frå 1. januar 2025 gjeld ei ny [betalingsmodell for restavfall](#). Modellen består av to delar:

- Fast grunngebyr. Dette dekkjer henting og handsaming av avfall som matavfall, papir, plast og glas- og metallemballasje.
- Variabel del. Du betalar for kvar tømming av restavfallsdunken, og kostnaden avheng av dunkstorleik.

Føremålet med modellen er å gjere ordninga meir rettferdig (dei som kastar lite, betaler mindre), redusere mengda restavfall og stimulere til betre kjeldesortering.

Staurdalen Gj.Stasjon (Tonn)						
Fraksjon	2020	2021	2022	2023	2024	Behandling
Restavfall	263	220	176	169	172	Energigjenvinning
Treverk	62	138	128	105	109	Energigjenvinning
Metall	80	84	67	60	60	Materialgjenvinning
EE-Avfall	43	35	36	37	39	Materialgjenvinning
Papir / papp	11	15	6	14	17	Materialgjenvinning
Gips	5	4	9	5	4	Materialgjenvinning
Plast	2	1	1	2	2	Materialgjenvinning

Renovasjonsbil (Tonn)						
Fraksjon	2020	2021	2022	2023	2024	Behandling
Restavfall	343	458	483	372	361	Energigjenvinning
Papir / papp	88	70	66	67	62	Materialgjenvinning
Mat	N/A	N/A	N/A	50	65	Materialgjenvinning
Plast	15	16	15	20	17	Materialgjenvinning
Glas	18	23	17	18	18	Materialgjenvinning

Figur 25: Avfallstatestikk Hyllestad kommune 2020-2024. Kjelde: Sunnfjord Miljøverk IKS.

2.8 Kultur, fritid og deltaking

Kultur er eit lovpålagt ansvarsområde for kommunen. I tråd med kulturlova skal ein fremje og legge til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta og oppleve eit mangfold av kulturuttrykk. I tradisjonell forstand er kultur musikk, visuell kunst, litteratur, scenekunst, kulturminne og kulturarv. Eit utvida kulturomgrep inkluderer også idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

I regi av kommunen er både HAF Kulturskule, Hyllestad folkebibliotek og Frivilligsentralen med BUA viktige aktørar på området. Kultur, friluftsliv og deltaking i samfunnslivet bidreg i stor grad positivt til trivsel og livskvalitet. Tilgang til sosiale møteplassar og gode friluftsområde er avgjerande for trivsel og vekst, og slik også psykisk og fysisk helse.

Kulturlivet treng vilkår som gjer at dei kan løyse utfordringar innan inkludering og mangfald, fremje aktivitet og nyskaping og møteplassar. Tilgang til tenlege arenaer er ein føresetnad for eit aktivt kulturliv. Idretten må ha gode rammer for fysisk aktivitet, friluftslivet har behov for tilretteleggingar og organisasjons- hus, og frivillig og profesjonelt kulturliv treng fysiske arenaer i lokalsamfunnet.¹⁷

Tilbod	Aktivitetar/tenester	Pris	Aldersgrupper
Kulturtilbod	HAF Kulturskule: Dans, Musikk, Teater, Visuell Kunst, Fordjuping og Lys og lydteknikk	Avgift/ Gratis	Alle, men grunnskulealder vert prioritert.
	Hyllestad Folkebibliotek/ Kombinasjonsbibliotek	Gratis	Alle
	Bygdekino, Sørbøvåg	Betaling	Alle, men aldersgrense er sett av omsyn til innhaldet i filmen.
Idrettstilbod	Idrettsanlegg	Gratis	Alle
	Hyllestadhallen m/treningssenter	Avgift	Alle
Fritidstilbod	Frivilligsentralen: BUA	Gratis	Alle, men særskild retta mot born og unge
	Fritidsklubben	Gratis	5.-10.klasse
	Sommargry		Alle

System for deling, sambruk og fleirbruk må utviklast. Eit meirope kombinasjonsbibliotek, Hyllestadhallen og idrettsanlegget i sentrum er viktige etablerte arenaer. Biblioteket er eit lågterskeltilbod, som bidreg til inkludering og sosial utjamning, og er blant dei mest nytta kulturtilboda i Noreg. Biblioteket er ein viktig kunnskaps- og læringsarena. Kulturskulen i HAF gir kulturskuletilbod til alle, men spesielt barn og unge i kommunen. Tilbodet er breitt, har god kvalitet og med høve til fordjuping. Den kulturelle skulesekken, den kulturelle spaserstokken og UKM er alle viktige for kulturtilboda for sine målgrupper.

Hyllestad kommune har oppretta eige [fritidsfond](#) for å sikre at barn og unge frå familiar med svak økonomi kan søkje om stønad til organiserte fritidsaktivitetar.

2.8.1 Frivillige lag og organisasjonar

Frivillige lag og organisasjonar gjev barn og vaksne høve til å utvikle sosiale ferdigheiter, vennskap og nettverk og oppleve meistring og tilhøyrslse. Deltaking i fritidsaktivitetar kan fremje sosial inkludering, styrkje fysisk og mental helse og førebyggje utanforskap. Slik deltaking er dermed viktig for folkehelsa.

Høg grad av deltaking i frivillige organisasjonar er òg viktig for det norske velferdssamfunnet og den norske beredskapsmodellen, noko som kom tydeleg til uttrykk under pandemien. Frivillige organisasjonar er sentrale aktørar og møtestadar for interessefellesskap og samfunnsdeltaking. Regjeringa har eit overordna mål om at alle som ynskjer det skal ha høve til å delta i frivillige organisasjonar og frivillig arbeid. Viktige frivilligheitspolitiske mål er mellom anna brei deltaking som gjer det tilgjengeleg for alle uansett alder, kjønn, etnisitet, inntekt, funksjonsnivå eller interessefelt. Mangfald er viktig for å legge til rette for breitt engasjement og høg aktivitet for å dekke mange behov. Ein sterk og mangfaldig frivillig sektor er i tillegg med på å skape robuste lokalsamfunn.¹⁸ [Hyllestad](#) har eit stort frivillig engasjement, med over 50 lag, organisasjonar og foreiningar.

3.2.1.17. INFORMASJON OG KOMMUNIKASJON

¹⁷ [Regional plan for kultur - Vestland fylkeskommune & Meld. St. 8 \(20018–2019\)](#)

¹⁸ [Meld. St. 15 \(2022–2023\) - regjeringen.no](#)

Kommunen har gjennom Frivilligsentralen arbeidd med å styrke oversynet over tilbod og aktivitetar i Hyllestad. Dette omfattar:

- utarbeiding av ei oversikt over lag og organisasjonar.
- plassering av infoskjermar på sentrale stader, med oppfølging frå Frivilligsentralen.
- etablering av ein aktivitetskalender som blir publisert på kommunen si heimeside og på infoskjermar.
- lansering av ein app som gjev innbyggjarane tilgang til lokal informasjon uavhengig av infoskjermane.

Vekst- og omstillingsprosjektet til Hyllestad kommune har utarbeidd [Hyllestad info](#), ein sentral kommunikasjonskanal for å nå dei utvalde målgruppe effektivt. Den tilhøyrande [Kommunikasjonsstrategi for Hyllestad-samfunnet 2025-2030 Hyllestad](#) har som mål å styrkje kommunikasjonen i Hyllestad og gjere kommunen meir synleg, anerkjent og attraktiv, både for innbyggjarar og for dei som vurderer å flytte til Hyllestad. Strategien legg vekt på at kommunikasjonen skal formidle dei unike verdiane til Hyllestad og bidra til ei felles forståing av kva Hyllestad som samfunn ønskjer å formidle. Den skal òg leggje til rette for god samhandling mellom næringsliv, frivilligheit og kommunen.

Desse tiltaka gir eit samla bilete av korleis kommunen arbeider med informasjonsdeling om aktivitetar og frivilligheit.

3.2.1.18. FRIVILLIGSTRATEGI

[Frivilligstrategi 2025-2028](#) er Hyllestad kommune sin frivillighetspolitikk. Målet er å bidra til meir føreseieleg og langsiktig samspel mellom kommunen og frivillig sektor, slik at frivilligheita får utvikle seg til det beste for lokalsamfunnet og innbyggjarane. Arbeidet starta våren 2023 med ei kartlegging av frivilligheita i kommunen, og det vart gjennomført tre kontaktmøte mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar. Desse møta har vore viktige arenaer for erfaringsdeling, kunnskapsutveksling og dialog om behov. Kafédialogar og innspelsrundar frå møta dannar grunnlaget for strategien.

Frivilligstrategien vart utarbeidd i 2024 av Frivilligsentralen i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, og vedteken i kommunestyret 20.05.2025. Dokumentet listar tiltak og ansvar for perioden 2025–2028.

2.8.2 Møteplassar og deltaking

Ungdata syner at dei fleste barn og unge har delteke i organiserte fritidsaktivitetar. Slike aktivitetar gjev sosiale møteplassar og læring som utfyller barnehage, skule og meir uformelle arenaer, og kan støtte utvikling av både ferdigheiter og fellesskapskunnskap. Sjølv om barne- og ungdomsorganisasjonar ofte blir rekna som førebyggjande, viser forskning at samanhengen mellom deltaking og til dømes rusmiddelbruk varierer mellom organisasjonstypar. Mange av organisasjonane rekrutterer dessutan ungdom som alt er relativt «veltilpassa». Nasjonale Ungdata-tal syner ein tydeleg nedgang i deltaking i organiserte aktivitetar sidan 2018, delvis påverka av pandemien.¹⁹

Deltakinga endrar seg gjennom oppveksten: nokon prøver aktivitetar kortvarig, andre sluttar i ungdomsåra, medan fleire held fram langt inn i tenåra og vaksenlivet. Tilgangen til aktivitetar varierer lokalt, men idretten står sterkt over heile landet. I Hyllestad syner [Ungdata](#)-undersøkinga våren 2024 blant ungdomsskuleelevar at 63 prosent er med på organiserte fritidsaktivitetar. Det er ein høgare del enn Vestlandet som ligg på 62 prosent og Norge med 58 prosent.

[Ungdata](#)-undersøkinga våren 2024 syner at 63 prosent av ungdomsskuleelevane i Hyllestad deltek i organiserte fritidsaktivitetar. Dette er høgare enn både Vestland med 62 prosent og landet som heilskap med 58 prosent. Prosentdel som har delteke på aktivitetar i ulike typar organisasjonar, klubbar og lag i

¹⁹ [Med i fritidsorganisasjon, ungdom - FHI Statistikk](#)

Hyllestad:

- Idrettslag: 59 prosent
- Fritidsklubb/ungdomshus/ungdomsklubb: 7 prosent
- Religiøs foreining: 21 prosent
- Korps, kor, orkester: 7 prosent
- Kulturskule/musikkskule: 31 prosent
- Annan organisasjon, lag eller foreining: 36 prosent

[Hyllestad sokn](#) er ein viktig aktør i lokalsamfunnet og bidreg til kultur- og fritidslivet gjennom gudstenester, kyrkjelege arrangement og møteplassar på tvers av alder. Soknet har faste kontordagar og tilsette som kyrkjeverje, kyrkjeseekretær, organist og kyrkjetenar, noko som gjev kontinuitet i aktivitetar og tenester. Kyrkja fungerer som både kulturarena og sosial møteplass, og er med på å styrkje lokal deltaking og fellesskap i kommunen.

[Kvernsteinsparken](#) i Hyllestad er eit sentralt kulturhistorisk lærestad og ein del av Musea i Sogn og Fjordane. Her kan ein utforske Nord-Europas største steinbrot frå vikingtid og mellomalder, der kvernstein vart produsert i over tusen år og utgjorde grunnlaget for ein av Noregs tidlegaste industriverksemder. Parken tilbyr formidlingsløype, visningsbrot og aktivitetar som viser korleis steinhoggarane arbeidde og kva rolle Hyllestad spelte i handel og samfunnsutvikling. Kvernsteinsparken er open heile året, medan sommarsesongen er bemanna med omvisingar og aktivitetsbasert læring gjennom mellom anna handkvern og historieforteljing. Som kulturarena legg parken til rette for både læring, deltaking og opplevingar for ulike aldersgrupper, og bidreg til å styrkje lokal identitet og tilgangen til kulturarv.

Hyllestad kommune vart i 2024 medlem av [Fjordane Friluftsråd](#). Hovudmålet til Fjordane Friluftsråd er at alle skal få mogelegheita til å drive friluftsliv som ein helsefremjande, trivselsfremjande og miljøvennleg aktivitet.

2.8.3 Kulturindeksen

Norsk kulturindeks er ei årleg kartlegging av kulturtilbod og kulturaktivitet i norske kommunar. Telemarksforskning har sidan 2011 stått for rangeringa, som byggjer på ei rekkje datakjelder. Kommunane vert vurderte i ti kategoriar, og ei samla rangering blir utleidd som summen av desse ti kategoriane.

Hyllestad kommune ligg på 114. plass i Norsk kulturindeks 2024 med 168 poeng. Rangeringane i dei ulike kategoriane går fram av figuren nedanfor.

Hyllestad kommune ligg på fjerdeplass i Vestland i kategorien kulturarbeidarar. Kategorien målar omfanget av sysselsette innan kulturproduksjon, arkiv, bibliotek, museum, media, design, arkitektur, reklame samt kulturformidling, -sal og -undervisning. Desse områda dannar grunnlaget for poenggivinga.

Kommunen er òg på fjerdeplass i Vestland i kategorien sentrale tildelingar. Her inngår tildelingar frå Norsk kulturråd, Frifond og Riksantikvaren, inkludert både kulturminnefondet og statlege tilskotsordningar.

Samstundes har Hyllestad nest dårlegast plassering i Vestland i kategorien frivilligheit. Denne kategorien byggjer mellom anna på omfanget av mva.-refusjon frå Lotteri- og

	Poeng	Plassering
Kunstnere	11	168
Kulturarbeidere	28	27
Museum	11	82
Kulturarrangement	3	234
Kino	11	152
Bibliotek	35	71
Scenekunst	12	86
Kultur for barn	31	110
Sentrale tildelingar	23	19
Frivillighet	4	345

Figur 26: Norsk kulturindeks for Hyllestad kommune 2024. Kjelde: [Kulturindeks](#)

stiftelsestilsynet og talet på medlemar i frivillige lag som korps, kor, historielag, husflidslag og kunstforeiningar.

2.8.4 Turstiar og friluftaktivitetar

Turstiar og friluftaktivitetar er av dei mest bruke aktivitetsformene i befolkninga. Slike aktivitetar er viktige for folkehelse, for trivsel, og for samfunnsøkonomien. Bygging av anlegg som stimulerer til frileik og eigenorganisert aktivitet i nærmiljøet er viktig. [Anleggsregisteret.no](https://anleggsregisteret.no) si oversikt syner at Hyllestad kommune har mange anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Liste over rekreasjonsareal og friluftsområde finn ein i kapittel 2.2.4.



Figur 27: Oversikt over tal eksisterande anlegg i Hyllestad i Hyllestad 2026. Kjelde: anleggsregisteret.no

Kommunen har stimulert til søknad om spelemidlar både til ordinære anlegg, nærmiljøanlegg og kulturbygg. Dette er regulert gjennom kommunen sin [kulturplan](#), og eigne handlingsplanar for idrett, fysisk aktivitet og kultur.

2.9 Samferdsle og infrastruktur

2.9.1 Kommunale vegar, trafikktryggleik og vegvedlikehald

Hyllestad kommune har 72 km kommunal veg, der 62 % er asfaltdekke og 38 % grusdekke. Ca. 30 km manglar asfalt, noko som utgjer 38,9% av kommunale vegane i Hyllestad. Fylkesveg 607 (Lavik-Horne) og fylkesveg 57 (Rysjedalsvika-Skor) er hovudferdselsårene gjennom kommunen og strekk seg høvesvis 40 km frå E39 i Lavik i aust til Horne i vest og 25 km frå Rysjedalsvika i sør til Skor i nord.


Lengde kommunalveg (km) (tal per 31.12)										
	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
4636 Solund	45	45	45	45	45	45	45	53	53	53
4637 Hyllestad	72	72	72	72	72	72	71	71	72	72

4638 Høyanger	106	106	106	109	109	118	118	118	118	118
4645 Askvoll	77	77	77	77	77	76	76	76	76	76
4646 Fjaler	72	73	73	73	73	73	73	73	73	96

Tabell 12: Lengde på kommunalvegane til Høyanger og HAFS kommunane 2015-2024. Kjelde: SSB, tabell 11814.

Hyllestad har mykje kommunalt vegnett i høve folketalet, store avstandar og mange kommunale vegar i ytre område. Kommunen har vesentleg meir kommunal veg enn andre kommunar i KOSTRA gruppe 14. Dette gjer vedlikehald og drifta både omfattande og ressurskrevjande, då det legg beslag på mykje av ressursane til DV-avdelinga.

Driftsutgifter i Hyllestad kommune pr. innbyggjar i 2024 er 4 104 kr, betrakteleg høgare samanlikna med nabokommunane. Sjølv etter omfattande asfaltering i 2021 held driftsutgiftene fram med å auke, hovudsakleg grunna stigande kostnader til vintervedlikehald i ny kontraktperiode 2023–2028.



Figur 28: Høyanger og HAFS kommunane sine driftsutgifter pr. innbyggjar 2015-2024. Kjelde: SSB, tabell 11816.

[Plan for trafikktryggleik og vegvedlikehald 2025-2028](#) legg opp til omklassifisering av kommunale vegar i planperioden, i tråd med tidlegare politisk vedtak, men som enno ikkje er gjennomført. Mange av dagens kommunale vegar går til fritidshus, nedlagde gardsbruk eller einskilde bustader, og kommunen er framleis bunden av fleire eldre avtalar om brøyting og vedlikehald.

Kommunen har òg eit fylkesvegnett med behov for omfattande utbetring. Vegane oppfyller ikkje gjeldande krav til vegbreidde og kurvatur, og fleire tunnelar manglar både riktig breidde og høgd.

Hyllestad kommune vart i juni 2024 godkjend som trafikksikker kommune og plasserar kommunen blant dei 183 godkjende kommunane i landet, og til den nittande i Vestland fylke. Godkjenninga er eit kvalitetsstempel som syner at kommunen arbeider systematisk og heilskapleg med trafikktryggleik for både innbyggjarar og tilsette. Ordninga byggjer på kriterium utarbeidde av Trygg Trafikk, som stiller krav til dokumentasjon frå kommunale einingar og til korleis kommunen organiserer og følgjer opp trafikktryggleiksarbeidet. Ei slik godkjenning eliminerer ikkje risikoen for trafikkulykker, men syner at kommunen har etablert struktur, ansvar og arbeidsformer som styrker den samla tryggleiken i trafikken.

[Plan for trafikktryggleik og vegvedlikehald 2025-2028](#) inneheld mål og strategiar for det vidare trafikktryggingsarbeidet i kommunen.

2.9.2 Bilparken

Privatbil er det dominerande transportmiddelet i Hyllestad kommune. Spreidd busetnad, avgrensa kollektivtilbod og relativt lange avstandar til arbeidsplassar, handel og tenester gjer bilen til ein føresetnad for kvardagsmobilitet for dei fleste hushald.

Bilparken i kommunen er prega av:

- Høg biltettleik per hushald
- Ein relativt stor del varebilar og arbeidskøyretøy, knytt til landbruk, havbruk og entreprenørverksemd
- Ein aukande del elbilar og ladbare hybridar, i tråd med nasjonale utviklingstrekk

Alderssamansetjinga i bilparken har betydning for både trafikksikkerheit og utslepps nivå. I distriktskommunar er gjennomsnittsalderen på køyretøy ofte noko høgare enn landsgjennomsnittet, noko som kan indikere lågare utskiftingstakt.

Det er registrert totalt 733 personbilar i Hyllestad kommune, noko som betyr 578 bilar per 1000 innbyggjarar.

Dette er eit høgt nivå samanlikna med eit nasjonalt gjennomsnitt, og reflekterer at privatbil er det dominerande transportmiddelet i kommunen, særleg der kollektivtilbodet er avgrensa og det er lange avstandar mellom bustad, arbeidsplass og tenestetilbod.

Tal på elbilar og ladepunkt i kommunen aukar.

Offentlege ladepunkt og kommunale nullutsleppskøyretøy (tal per 31.12)										
4637 Hyllestad	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Elbilar (tal)	3	4	11	19	25	37	50	76	99	99
Ladepunkt (tal)	4	4	4	4	4	4	7	7	7	7

Tabell 13: Tal elbilar og ladepunkt i Hyllestad kommune 2015-2024. Kjelde: SSB, tabell:13227

2.9.3 Kollektivtilbod

Kollektivtilbodet i Hyllestad er i hovudsak organisert gjennom Skyss og er primært retta mot skuleskyss. I tillegg finst det ordinære rutebussar og hurtigbåtsamband, samt ei drosjeordning i kommunen. Det går faste ruter inn til kommunesenteret og andre bygder, med avgangar til satt tidspunkt. [Serviceskyss i Sogn og Fjordane](#) er eit kollektivtilbod som kan bestillast seinast dagen før innan fastsett frist, og ordninga gjev dør-til-dør-transport med universelt utforma køyretøy. Kommunen har òg eit eige drosjetilbod gjennom ein avtale med Høyanger Taxi. Tilbodet starta som eit vellukka prøveprosjekt i 2023 og er hovudsakleg knytt til normal drosjekøyring, pasienttransport, TTK-transport og intern køyring i kommunen. Tenesta er tilbydd fem yrkesdagar i veka på dagtid. Rysjedalsvika kai fungerer som eit sentralt knutepunkt for ferje- og hurtigbåtsamband, mellom anna samband sørover til Bergen.

I tillegg til den organiserte kollektive båttrafikken er det òg privat båttrafikk mellom fleire av kaiane i kommunen. Det går særleg trafikk mellom Eide hamn og Porten, der båtane vert nytta til transport av både materiell og personell.

2.9.4 Vatn og avlaup

Vass- og avløpsinfrastrukturen i Hyllestad kommune omfattar kommunale vassverk, høgdebasseng, leidningsnett, pumpestasjonar og reinseanlegg. I tillegg er ein vesentleg del av busetnaden knytt til private vassforsynings- og avløpsløyser, særleg i spreiddbygde område.

Utbyggingsmønsteret i kommunen, med fleire mindre tettstader og spreidd busetnad, medfører at det ikkje finst eitt samanhengande hovudnett, men fleire delsystem med avgrensa kapasitet og utstrekning.

Hyllestad kommune har fire vassverk og avløpsanlegg, lokalisert på Sørbøvåg, Hyllestad, Bøfjorden og Eidsneset. Utfordringsbiletet er at vi har fire kommunale vassverk fordelt på relativt få abonnentar. I tillegg er VA-nettet og VA-anlegga begynt å bli gamle, og må fornyast. Og driftsavdelinga brukar mykje tid og ressursar til vedlikehald og tilsyn av vassverka. Dette medfører høge abonnementsgebyr, særleg innan vatn.

Vatn og avlaup er ein viktig del av infrastrukturen i Hyllestad kommune. [Hovudplan vassforsyning 2025-2032](#)

////////////////////////////////////

syner til at kommunen i dag handterer problem i leidningsnett, som tilstoppingar og røyrbrot, ved å utføre akutte reparasjonar for å oppretthalde kapasiteten og funksjon i systemet. Alle vassverka utanom eitt skal ha tilstrekkeleg forsyningstryggleik, inkludert krisevassforsyning og ein plan for naudvassforsyning. Unntaket er Eidsneset vassverk som manglar per i dag krisevassforsyning, men hovudplanen for VA omtalar beredskap ved produksjonssvikt. Tabellen nedanfor syner berekna om lag kapasitet ved produksjonssvikt, dersom straumen fell bort.


Forsyningssikkerheit i Hyllestad kommune (tal per 2024)

Vassverk	Bøfjorden	Sørbøvåg	Hyllestad	Eidsnes
Kapasitet (Volum)	1 660 m ³	250 m ³	250 m ³	40 m ³
Døgnforbruk (ca.)	198 m ³ /d	81,3 m ³ /d	19 m ³ /d	10 m ³ /d
Kapasitet ved produksjonssvikt (døgn)	8,4	3	13	4

Tabell 14: Forsyningssikkerheit fordelt på vassverk i Hyllestad kommune per 2024. Kjelde: Hovudplan for vassforsyning 2025-2032


2.9.5 Fiber/breiband og mobildekning

Hyllestad kommune satsar målretta på å styrkje infrastrukturen for framtida, med særleg vekt på utbygging av fiber og breiband. Digital tilgjenge er ein grunnleggjande del av både eit godt tenestetilbod og eit levande lokalsamfunn. Vi meiner at alle innbyggjarar skal ha tilgang til stabil og rask nett-tilkopling, uavhengig av bustad. Figur 19 syner breibanddekninga i Hyllestad kommune, basert på rapporterte data frå faste og mobile tilbydarar ved utgangen av 2024. Framstillinga syner kor stor del av husstandane som har tilgang til breiband gjennom alle teknologiar (fiber, kabel-tv og fast trådløst breiband) i kommunen og kva breibandhastighet som er tilgjengelege. Frå venstre i figuren syner det kor mange tilbydarar husstandane har tilgang til, noko som gjev eit uttrykk for valfridom og konkurranse lokalt. Figuren gjev eit samla bilete av breibandstilbodet i Hyllestad.



Figur 29: Breibanddekning husstandar i Hyllestad kommune 2024. Kjelde: NKOM

Områda Ønadalen (inkl. Høydalen, Sundbotten, Liane, Horne) og Skifjorden (inkl. Drøsdal) er ferdig kartlagde av kommunen, og har fått tildelt NKOM-midler til breibandutbygging frå Vestland fylkeskommune. Utbygginga starta opp i 2025.



Figur 30: Kartoversikt mobildekning Telenor i Hyllestad kommune. Kjelde: Dekningskart Telenor.no

Hyllestad kommune har i hovudsak god mobildekning frå Telenor, men det finst nokre område med svak dekning. Kommunen er pådrivar i fleire utbyggingsprosjekt for å betre mobilnettet. For Sørbøvåg har kommunen sendt førespurnad til Telenor om etablering av ei ny sentral, då området manglar tilfredsstillande dekning. For Leirvik-området har Telia søkt om å setje opp ny mast og sendar. Kommunen har innvilga byggeløyve for ei ny mobilmast på Halsefjell.

2.9.6 Sjøtransport

Hovudfarleia går langs kommunegrensa mellom Hyllestad, Gulen og Solund, med sidefarleier inn til Bøfjorden, Rysjedalsvika og Lifjorden.²⁰

2.10 Areal, natur og kulturminne

Kommuneplanen sin samfunnsdel heng tett saman med arealdelen. Arealplanen skal, gjennom arealbruk, reflektere og følge opp målsetjingane i samfunnsdelen. Arealstrategien i samfunnsplanen er eit bindeledd mellom samfunnsdelen og arealdelen. Arealdelen til kommuneplanen er eit viktig verktøy for å verkeleggjere dei strategiske vala som er gjort i samfunnsdelen. Samfunnsdelen legg dei samfunnsmessige grunngjevingane for arealbruken, og dei behova vi skal materialisere i arealdelen. Arealdelen vert utarbeida i forlenging av samfunnsdelen.

Status arealplan

Gjeldande arealdel i kommuneplanen er frå 2009 og er no under revisjon, i eit parallelt løp med revisjonen av samfunnsdelen. Dagens arealdel har få føringar for konkrete arealføremål og manglar ei tydeleg forankring i mål og strategiar frå samfunnsdelen.

Ved å revidere samfunnsdelen og arealdelen samtidig, legg ein til rette for betre samanheng mellom dokumenta, tydelegare politiske prioriteringar og ei meir heilskapleg styring av arealbruken i kommunen. Den parallelle prosessen sikrar òg betre forankring av mål, strategiar og arealdisponeringar på tvers av planverket.

2.10.1 Arealbruk

²⁰ [Kystinfo.kystverket.no](http://kystinfo.kystverket.no)

Arealbruk er den største utfordringa for naturmangfaldet i Noreg. Etter plan- og bygningslova har kommunane eit særleg ansvar for å sikre ei arealforvaltning som fremjar berekraftig utvikling.

Vestland fylkeskommune har utvikla eit arealrekneskap som er eit sentralt verktøy i dette arbeidet. Arealrekneskapen gir samla oversikt over naturtypar, arealbruk og karbonlagring, og består av ein statistikkrapport i Power BI og ei kartløyising.


Hovudføremålet med arealrekneskapen er å synleggjere korleis planlagt arealbruk samsvarer med gjeldande bruk, og å fungere som eit planleggingsverktøy for framtidig arealdisponering i kommuneplanar.

Arealrekneskapen er ein planmosaikk som kombinerer arealdelen i kommuneplanen og gjeldande reguleringsplanar. Den gir oversikt over:

- Eigenskapar ved areala i kommuneplanen si arealreserve.
- Om det er samsvar mellom utbyggingsbehov og areal avsett til utbygging.
- Omfang og kvalitet ved areal som blir tilrådd avsett til utbygging, som grunnlag for vurdering av samla verknad i konsekvensutgreiinga.

Denne oversikta gjer det mogleg å vurdere kor realistisk og berekraftig planlagt arealbruk er, og styrkjer grunnlaget for heilskaplege og kunnskapsbaserte planprosessar.

2.10.2 Realisert areal




Figur 31: Realisert areal i Hyllestad. kjelde: [Vestland arealrekneskap](#).

Det realiserde planarealet viser at bustadføremål i hovudsak er samla kring sentrumsområda Hyllestad, Leirvik og Sørbøvåg, og tilhøyrande bustadområder. Fritidsbustader er i hovudsak spreidd over heile kommunen utan ei tydeleg geografisk styring.

Hyllestad kommune har mykje kystlinje, og næringsareala ligg i hovudsak langs sjølinja og tett knytt til marin verksemd og oppdrett. Det er satt av få areal til mineralressurssar, og er i stor grad tilknytt pukkverket i Listraumen. For akvakultur framstår alt planlagt areal som realisert, men i praksis er berre 7 av 11 eigna lokalitetar i aktiv bruk. Dette syner behov for oppdatert status og meir presis handtering av akvakulturareala i vidare planarbeid.

2.10.3 Planreserve



Figur 32: Planreserve i Hyllestad. Kjelde: [Vestland arealrekneskap](#)

Oversynet frå arealrekneskapen viser store avvik mellom realisert planareal og planreserve på fleire områder. Særleg innan fritidsbustader er det sett av ein betydeleg større reserve enn det som er realisert i dag. Det er derfor viktig å vurdere framtidig utbyggingsbehov for planperioden nøye, slik at arealsetjinga blir realistisk og i tråd med faktiske behov.

Ein vesentleg del av bustadreserven er knytt til utviding av sentrumsområda. Om lag halvparten av denne reserven ligg på Laberget, i ytterkant av kommunen og på grensa til Fjaler noko som kan påverke funksjonen som sentrumsnært areal.

For næringsareal, akvakultur og råstoffutvinning er det meste av areala plasserte ved eksisterande og delvis utbygde lokalitetar. Samstundes er mengda ledige areal relativt avgrensa samanlikna med det som allereie er realisert. Framtidig planlegging bør finne ein balanse som stimulera til framtidig næring, samstundes som den ivareteke eksisterande næring.

Gjennomgangen av arealtpar viser òg ein klar konflikt med nedbygging av viktige jordbruksareal, som fulldyrka mark, overflatedyrka areal og myr. Dette må vektleggjast sterkare i arealplanarbeidet, og det bør vurderast alternative løysingar, lokaliseringar og tilpassingar som tek betre omsyn til desse verdiane.

2.10.4 Natur og Klima

Kommunen står overfor betydelege utfordringar knytt til tap av naturmangfald, nedbygging av verdifulle jordbruks- og myrareal og auka klimasårbarheit. Klimaendringar med meir nedbør, flaum- og skredrisiko stiller strengare krav til arealplanlegging og infrastruktur

3.2.1.19. NATURMANGFALD

Naturmangfald har verdi både som livsgrunnlag, opplevingsgrunnlag og utgangspunkt for verdiskaping. Kommunane har gjennom plan- og bygningslova hovudansvaret for å disponere areala i Noreg. Dette er ei sentral rolle i arbeidet med å ta vare på naturmangfaldet. Hyllestad har fem naturvernområde.

Stad	Oppretta	Storleik
Skor naturreservat	20.12.1991	295,8 daa
Sakrisøy naturreservat	20.12.1991	1908,0 daa
Aksevatnet	20.12.1991	1158,4 daa
dyrefredningsområde		
Ønholmane naturreservat	28.05.1993	283,6 daa
Rønset naturreservat	19.06.2009	184,4 daa

Tabell 16: Naturvernområde i Hyllestad. Kjelde: [Naturbase - miljodirektoratet.no](#)

3.2.1.20. KARBONLAGRING OG KLIMAGASSUTSLEPP

////////////////////////////////////

Bevaring av myr, skog og jord hindrar klimagassutslepp og tap av natur. I følge Vestland Fylkeskommune sin statestikk-rapport, som er basert på kommuneplanen sin gjeldande arealdel (KPA), er kommunen sin ubygde planreserve på om lag 2000 dekar. Tabell nedanfor viser planreserven sitt arealformål og arealtyper.

Kommune	Vel planreserve		Plankjelde						
Hyllestad	Antatt planreserve		Alle						
Arealformålsgruppe	Åpen fastmark	Ferskvann	Fulldyrka jord	Hav	Innmarksbeite	Myr	Overflatedyrka jord	Skog	Totalt
01 Bolig eller sentrumsformål	267,89	0,36	5,65	3,78	57,07	0,62	3,56	100,92	439,84
02 Fritidsbebyggelse	165,63	0,74	34,20	2,10	46,73	28,37	13,50	1 181,41	1 472,67
03 Tjenesteyting								15,28	15,28
04 Handel								3,32	3,32
06 Næringsvirksomhet	4,74		17,85	9,02	2,43	0,60	1,03	16,81	52,48
07 Råstoffutvinning	17,56							7,33	24,90
08 Kombinerte formål		0,10	1,73				1,29	1,73	4,85
11 Samferdselsanlegg	10,86	0,14	4,75		6,23	0,23	1,08	58,80	82,09
Totalt	466,67	1,35	64,18	14,90	112,46	29,82	20,46	1 385,59	2 095,42

Figur 33: Hyllestad kommune sin ubygde planreserve - formål og type areal for gjeldande KPA. Kjelde: [Microsoft Power BI](#)

Arealrekneskapen synleggjer at det i fleire tilfelle er konflikt mellom planreserven for utbyggingsformål og viktige omsyn som fulldyrka jord, innmarksbeite og myr. Desse areala er sentrale for både matsikkerheit, naturmangfald og karbonlagring, og dei representerer verdier som er vanskelege eller umoglege å erstatte dersom dei blir bygde ned. Det er derfor avgjerande at kommunen legg stor vekt på desse omsyna i arealplanlegginga. Arealplanlegging og ny infrastruktur bør utformast og dimensjonerast med omsyn til framtidige klimaendringar, slik at kommunen sikrar tilstrekkeleg robustheit mot auka nedbørmengder, flaum-, skred- og havnivårelatert risiko i kommande planperiode.

2.10.5 Kulturminne

Kulturminne og kulturmiljø i kommunen utgjer ein viktig del av identiteten, historia og samfunnsutviklinga lokalt. Dei representerer både materielle spor, som bygg, anlegg, hamnestrukturar og tekniske kulturminne, og immaterielle verdier knytte til tradisjonar, handverk, stader og historier. Kulturminna er ein ikkje-fornybar ressurs, og aktiv forvaltning er avgjerande for å sikre at desse verdiane blir tekne vare på for framtidige generasjonar.

Hyllestad kommune har vedteken kulturminneplan i 2021. Føremålet og målsetning med kulturminneplanen er:

- Auka kunnskap og medvit om kulturminneverdiane i kommunen
- Oversyn av viktige kulturminne, kulturmiljø og landskap
- At dei nasjonale databasane Askeladden og Kulturminnesøk til ei kvar tid er oppdaterte
- Betre forvaltning av kulturminne, blant anna gjennom bruk av plan- og bygningslov

Planen er delt inn i ulike delar, frå informasjonsinnsamling, til oppstilling av kulturminne og kulturmiljø. Det er totalt 53 prioriterte kulturminne i planen, med ei fordeling innanfor kategoriar som kyrkje, bedehus, krigsminne, båtbyggjeri og steingardar.

Gjeldande Kulturminneplan for Hyllestad 2021-2024 skal reviderast etter at framlegg til samfunnsdel er vedteken.

2.11 Samfunnstryggleik og beredskap

Hyllestad kommune har, i likskap med alle kommunar og fylkeskommunar, eit lokalt ansvar for å førebygge

uønskte hendinger og handtere kriser når dei oppstår. Beredskapsarbeidet omfattar mellom anna å stå rusta mot konsekvensar av klimaendringar, krig og internasjonale trygging utfordringar, digitale truslar, pandemiar og ulike typar ulykker.

2.11.1 Sivil beredskap

Nasjonal sikkerhetsstrategi trekk opp tre strategiske hovudprioriteringar som krevje innsats frå heile samfunnet.

1. Vi må raskt styrkje forsvarsevna. Vi må på nytt vere førebudde på at krig kan råke Noreg. Innanfor ramma av NATO skal vi bidra til at Europa tek eit langt større ansvar for eigen tryggleik.
2. Vi må gjere samfunnet meir motstandskraftig. Vi må alle forstå truslane vi står overfor. I fellesskap må vi redusere sårbarheitene våre og styrkje evna til å handtere meir alvorlege hendingar.
3. Vi må styrkje den økonomiske tryggleiken vår. Det krev at vi betrar konkurransevna i norsk økonomi, reduserer sårbarheitene knytte til land vi ikkje har tryggingssamarbeid med, og at vi styrkjer det økonomiske samarbeidet med allierte og partnarar.

Meld. St. 9 (2024–2025) slår fast at kommunane er eit fundament og eit viktig tverrfagleg samordningsarena i den nasjonale beredskapen. Kommunene er viktige for å sørge for befolkningens trygghet, både gjennom tjenestene kommunene ivaretar i det daglige, men også gjennom beredskapen de skal ha for å håndtere kriser. Kommunen har ansvaret for å kartlegge risiko og sårbarheit, utarbeide overordna beredskapsplanar og sikre øving og kriseleiling i tråd med kommunal beredskapsplikt og sektorlovene.

2.11.2 Heilskapleg Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)

[Heilskapleg ROS](#) er eit strategisk verkemiddel for å få eit samla grep om ansvaret og rollene som kommunen har innanfor samfunnstryggleik og beredskap. ROS er ein systematisk prosess der kommunen identifiserer uønskte hendingar, vurderer sannsyn og konsekvensar, og kartlegg sårbarheiter og kritiske samfunnsfunksjonar. Analysen skal gje eit samla grunnlag for å forstå risiko i kommunen og setje retning for førebygging, beredskap og planlegging. Kommunane er lovpålagde å gjennomføre ei slik heilskapleg ROS-analyse som del av kommunal beredskapsplikt, og arbeidet skal vere forankra, involvere relevante aktørar og danne grunnlag for overordna beredskapsplanar og samfunnsplanlegging.

Mål for beredskapsarbeidet er å trygge innbyggjarane mot alvorlege hendingar, sikre kontinuitet i helse-, omsorgs- og samfunnskritiske tenester, samt styre førebygging og robustheit i samfunnet.

Det har blitt eit større fokus på samfunnstryggleik, og kommunen er i gang med å oppdatere den overordna heilskaplege ROS analysen. Usikkerheit innan sikkerheitspolitiske spørsmål og klimaendringar er noko av grunnlaget for å gjennomføre ein overordna ROS analyse på nytt. Det er m.a. større fokus på kritisk infrastruktur som m.a. leveranse av kraft, nett-tilgang, drikkevatt, samt den geopolitiske situasjonen.

Basert på den tidlegare overordna ROS-analysen for kommunen, ser ein spesielt tre område som blir trekt fram i høve samfunnstryggleiken:

1. auka nedbør gjev større risiko for vegstengingar på grunn av ras eller avrenning.
2. auka havnivå truar sjønær busetnad og infrastruktur.
3. ekstremvær som truar spesielt straum- og telenettet.

Gjeldande overordna/heilskaplege ROS er for perioden 2019 – 2023. Arbeidet med å oppdatere den overordna ROS-analysen og handlingsplan er planlagt fullført i 2026. Dette arbeidet skal gje kommunen ei strategisk tilnærming slik at ein har beredskap til å handtere ulike risikoar knytt til samfunnssikkerheit.

Kunnskapsgrunnlaget vil gje indikasjonar på korleis Hyllestadsamfunnet kan tilpasse seg naturfare i eit endra klima. Det gjeld m.a. avsetting av forebyggande areal og ein heilskapleg forståing av krinsløpet til vatnet (PBL § 3-1 g og i).

2.11.3 Kommunal beredskapsplikt og beredskapsplan

Hyllestad skal jobbe systematisk med beredskap i heile organisasjonen. Den [kommunale beredskapsleiinga](#) har ansvar for å koordinere Hyllestad kommune sine ressursar i samband med større ulykker, naturkatastrofar, svikt i viktige samfunnsfunksjonar med vidare. Beredskapsleiinga vert kalla saman dersom det oppstår hendingar eller situasjonar som den ordinære redningstenesta (brann- og redningstenesta, ambulanse og politi) treng hjelp til å handtere.

[Eigenberedskap](#) har større fokus enn tidlegare, det er no tilrådd at flest mogleg innbyggjarar skal kunne klare seg sjølve i minst ei veke (7 dagar). Eigenberedskapen er definert som eit personleg ansvar, men òg som ein føresetnad for god kommunal og nasjonal beredskap.



3 Hyllestad kommune som verksemd

Hyllestad står, som andre småkommunar, overfor aukande utfordringar på grunn av mellom anna befolkningsnedgang, færre barn, fleire eldre og strengare krav til tenesteproduksjon. Dette fører til at ein har avgrensa ressursar til utvikling og innovasjon, og kommunen må i større grad fokusere på dagleg drift. Samstundes er det eit mål å bevare kommunen si betydning for lokalsamfunnet. Auka interkommunalt samarbeid er i dag ein nødvendig føresetnad for å handtere desse utfordringane og oppretthalde kvaliteten på tenestene. Likevel har små kommunar utfordringar når det gjeld tilgang på tilstrekkeleg og nødvendig kompetanse, særleg spesialisert kompetanse. Dette skuldast mellom anna at kommunane har for få innbyggjarar til å etablere fagmiljø, som kan gjere det vanskeleg å fylle stillingar og tiltrekke kvalifiserte søkjarar. Økonomiske avgrensingar gjer det òg vanskeleg å behalde kompetansen.²¹

Kommunelova sett rammene for det kommunale sjølvstyret. I formålsparagrafen §1-1 vert det påpeika at lova skal leggje til rette for lokalt folkestyre og eit sterkt, representativt lokaldemokrati med aktiv deltaking frå innbyggjarane. Kommunar skal yte gode tenester og drive samfunnsutvikling til beste for innbyggjarane og leggje til rette for utøvinga av offentleg myndigheit. I tillegg skal lova bidra til at kommunar og fylkeskommunar er effektive, tillitsskapande og berekraftige.

Kommunen si rolle er i stadig utvikling, og både staten, innbyggjarane og dei tilsette har andre forventningar til kommunen i dag enn for nokre tiår sidan. Ein kan beskrive kommunen sin funksjon gjennom fire ulike roller: demokratisk arena, tenesteytar, samfunnsutviklar og myndigheitsutøvar.²²

Hovudpunkt:


- **Interkommunalt samarbeid:** Hyllestad er avhengig av interkommunalt samarbeid for å sikre kvalitet og kapasitet i tenestene. Kommunen samarbeider breitt innan landbruk, helse, barnevern, PPT, NAV, legevakt og IKT, og deltek i fleire vertskommuneløysingar
- **Økonomisk status:** Økonomien er sterkt påverka av havbruksinntekter som gjev viktige tilskot, men samtidig reduserer statlege overføringar. Kommunen har høge driftsutgifter, stor gjeld og lågt disposisjonsfond. Driftsresultatet er negativt, og kommunen må gjennomføre innsparingar og halde igjen på investeringar for å sikre økonomisk berekraft framover.
- **Økonomi kapasitet og kompetanse:** Auka tenestebehov, fleire eldre og mangel på arbeidskraft gir store utfordringar. Kommunen er sårbar fordi tenester ofte er knytte til enkeltpersonar med spesialisert kompetanse. Rekrutteringsutfordringar, høgt sjukefråvær og behov for innleigd personell pressar økonomien og krev omstilling, førebygging og samarbeid med frivillig sektor.
- **Omstilling, innovasjon og digitalisering:** Hyllestad må omstille seg for å møte framtidige krav, og satsar på digitalisering, førebygging og betre samhandling. Kommunen testar og tek i bruk kunstig intelligens, og deltek i regionale prosjekt for trygg databruk. Omstillingsprogrammet Hyllestad Vekst skal styrkje næringsutvikling, busetnad og lokalt samarbeid på tvers av sektorar.

3.1 Organisering av Hyllestad kommune

Hyllestad kommune har eit økosystem der verdiskaping og tenesteleveranse skjer i tverrsektorielt samarbeid, med felles fokus- og satsingsområde.

²¹ https://www.regjeringen.no/contentassets/cc6fa29f7d0244059d62a98a4fdc5dfd/rapport_sma-kommuner_kmd_telemarksforskning-992102-11000322.pdf

²² [NOU 2023: 9 - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no/no/NOU-2023-9-regjeringen.no)



Figur 34: Organisasjonskart for Hyllestad kommune per 1.8.2023.

3.2 Interkommunalt samarbeid

Auka interkommunalt samarbeid er viktig for å handtere utfordringar og oppretthalde kvaliteten på tenestene i kommunen.

Tenestekområde	Samarbeidande kommunar	Type samarbeid
Landbrukskontor	Hyllestad, Askvoll og Fjaler	Vertskommune/Felleseining
Kommuneoverlege	Hyllestad, Fjaler og Sunnfjord	Vertskommune/Felleseining
NAV	Hyllestad, Fjaler, Høyanger og Sunnfjord	Vertskommune
HAF Kulturskule	Hyllestad, Askvoll og Fjaler	Vertskommune/Felleseining
SYSIKT: IKT løysing	Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Høyanger, Luster, Solund, Sunnfjord og Vik	Eigarkommune/Interkommunalt selskap
SYSIKL: Interkommunale legevakt ²³	Hyllestad, Balestrand, Høyanger, Fjaler, Askvoll og Sunnfjord.	Eigarkommune/Interkommunalt selskap
SUM	Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Sunnfjord	Eigarkommune/Interkommunalt selskap
PPT	Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund og Høyanger	Vertskommune/Felleseining
Barneverntenesta	Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund	Vertskommune/Felleseining
Oppmålingsteneste	Hyllestad, Fjaler og Askvoll	Kjøp av teneste frå Fjaler kommune

[Barnevernsreforma \(2022\)](#) har eit sterkt fokus på tverrfagleg samarbeid rundt barn, unge og deira familiar. Målsetjinga inkludera å styrke det førebyggjande arbeidet, sikre tidleg innsats, og gje barn og familiar stabil og heilskapleg oppfølging. Kommunen har etablert [tverrfagleg og tverretatleg samarbeid](#) mellom barnehage, skule, helsetenesta, PPT og barnevern som saman bidreg til å støtte opp om gode oppvekstvilkår for alle. Kunnskap om barn si utvikling, helse og sosiale forhold viser at tidleg innsats har stor betydning for barn og unge sine liv i notid og framtid. Kommunen har òg skrive samarbeidsavtale med KORUS på området.

3.3 Økonomisk status

Hyllestad kommune sin økonomi fekk eit løft i 2018 då ein starta å få store utbetalingar gjennom ordninga

²³ [Legetenesta - Hyllestad kommune](#)

med havbruksfond. I starten fekk kommunar inntekter på sal av nye lokalitetar fordelt prosentvis etter kor stort volum kvar enkelt kommune har. Hyllestad har i gjennomsnitt hatt frå ca. 10 mill. til ca. 16 mill. i årlege inntekter i perioden 2018-2025. I økonomiplanperioden for 2026-2029 er det budsjettert med gjennomsnittleg årlege inntekter på opp mot 20 mill. Høge inntekter gjennom havbruk fører til ein reduksjon i rammeoverføringar og kommunen får ikkje skjønstilskot. Netto ekstraintekter vil derfor ligge mellom 15 og 18 millionar i perioden, så sant prognosane held.


Kommunen er likevel plassert i KOSTRA-gruppe 14, som er kommunar med under 2000 innbyggjarar og med låge til middels inntekter. Denne plasseringa seier noko om at kommunen tross ekstraintekter ikkje har stort handlingsrom. Driftsutgiftene er høge, gjelda er høg og disposisjonsfondet (pengar i banken) er relativt lågt.

3.3.1 Kommunaløkonomisk berekraft

Kommunaløkonomisk berekraft er samanhengen mellom kva vi brukar i drifta, kor mykje vi har i gjeld og kor mykje vi har i banken (disposisjonsfondet). I 2021 vedtok kommunestyre økonomiske måltal slik:

- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter er i gjennomsnitt 1,75 % eller større.
- Disposisjonsfondet skal vere minimum i gjennomsnitt 8 % av brutto driftsinntekter.
- Løyvingar frå disposisjonsfondet bør i all hovudsak vere til prosjekt og tiltak som ikkje har varig aukande effekt på driftskostnadane.
- I økonomiplanperioden skal nye låneopptak ikkje overskride avdrag.

Desse skal hjelpe kommunen til å få til berekraftig økonomisk styring og legg føringar for kva ein kan prioritere og ikkje. Det er utvikla ein eigen modell som syner samanhengen på ein illustrativ måte. I modellen er det lagt til grunn at kommunar ikkje bør ha meir enn 75 % i netto lånegjeld av driftsinntektene:



Figur 35: Kommunaløkonomisk berekraft (KØB) modellen.

Status for Hyllestad ved inngangen til 2026 er at disposisjonsfondet minkar (ca. 11 %) gjelda er høg (over 100 %) og driftsresultatet er negativt.

Ein ser at kommunen sine kostnader auka kraftig i 2022 og at ein har dratt eit høgt driftsnivå med vidare. Det vart derfor vedteke store innsparingskrav frå 2025 og vidare i økonomiplanperioden. Det er heller ikkje rom for nye store investeringar, då kommunen må redusere gjeldsgraden.

3.3.2 Økonomiske føresetnader

Hyllestad kommune er avhengig av havbruksinntekter, stabile ramme- og skatteinntekter og at det er gode resultat i kapitalforvaltninga i pensjonsfonda.

Det er store svingingar i skatteinnngang og økonomiske resultat, spesielt innan pensjon. Det gjer at kommunen sitt resultat har fått store utslag på slutten av året, då det syner seg gong på gong vanskeleg å budsjettere skatt og pensjon rett. For 2025 ser det ut til at både skatteinnngang og pensjonskostnader blir betre for kommunen enn forventa.

Ein annan faktor som har stor påverknad er korleis renta utviklar seg. For ein kommune med høg gjeldsgrad vil nedgang i renta påverke driftsresultatet mykje. I 2025 betalte kommunen nesten 20 millionar i renter og avdrag. Ein nedgang i renta med 1% vil spare kommunen for 2 millionar.

Demografiske endringar påverkar òg det økonomiske resultatet. Befolkningsprognosen for Hyllestad syner at berekraftsbrøken skal gå ned fram mot 2040. Det vil gje auka utgifter i eldreomsorga og mindre inntekter på skatt, då det er færre i arbeidsfør alder. Kommunen er såleis avhengig av at rammeoverføringane kompenserer for denne utviklinga.

3.4 Økonomi, kapasitet og kompetanse

Ei auke i kommunalt tenestebehov utfordrar Hyllestad kommune sin økonomiske ramme.

[Perspektivmeldinga 2024](#) peikar på at Norge kan få om lag 700 000 fleire personar over 67 år fram mot 2060, medan tilgangen på arbeidskraft ikkje aukar tilsvarande. Dette skapar eit varig press på kommunale tenester og aukar konkurransen om arbeidskraft og kompetanse, særleg innan helse og omsorg, som forventast å få ein av dei største vekstane i ressursbehov i norsk økonomi. For kommunen betyr dette at avgrensa økonomiske rammer, mindre tilgang på arbeidskraft og auka etterspørsel etter tenester vil krevje førebygging, omstilling og innsats frå frivillige om ein skal sikre tryggleik for tenestebrukarar og forsvarleg arbeidsmiljø for tilsette.

Politisk vedtekne mål, lovverk og normkrav om høg kvalitet i tenestene, og ei gradvis overføring av nye oppgåver frå stat til kommunesektor, gjer at handlingsrommet i budsjettet vert ytterlegare pressa.

[Kommuneindeksen 2025](#) syner at meir enn 90 prosent av kommune-Noreg sine utgifter går til å produsere lovpålagte velferdstenester til innbyggjarane i kommunen, til dels i konkurranse med private leverandørar. Lokalpolitiske vedtak påverkar òg den lovpålagde tenestene-leveransen, kapasiteten og dei økonomiske rammene. I Hyllestad er mange kommunale tenester sårbare fordi dei er tett knytte til enkeltpersonar med spesialisert kompetanse.

Rekrutteringsutfordringane er godt dokumenterte nasjonalt. Helsedirektoratet peikar mellom anna på mangel på kvalifisert personell, høgt sjukefråvær, høg deltidsandel og svak rekruttering til helse- og sosialfaglege utdanningar.²⁴ For å sikre lovpålagde tenester har Hyllestad kommune vore nøydd til å nytte innleigd personell (hovudsakleg i omsorgstenestene), noko som er vesentleg dyrare og svekkjer økonomisk berekraft over tid.

Utfordringane med kapasitet og kompetanse gjeld ikkje berre helse- og omsorgssektoren, men er eit breitt fenomen på tvers av kommunale sektorar. [Rapport](#) utarbeida for KS dokumenterer at arbeidskraftbehovet i kommunesektoren vil auke betydeleg, og at rekruttering og fasthalding allereie er krevjande. Dette gjeld òg distriktkommunar, som har særleg stor risiko for mangel på kritisk kompetanse. Interkommunale samarbeid kan lette noko av dette presset.

²⁴ [Utfordringsbildet i den kommunale helse- og omsorgstjenesten - Helsedirektoratet](#)

3.5 Omstilling, innovasjon og digitalisering

Ein effektiv organisasjon som klarar å omstille seg i høve rammevilkåra, tek i bruk ny teknologi og utviklar effektive praksisar i tenesteytinga er nødvendig for å gje gode tenester innanfor dei økonomiske rammene. Kommunen må omstille seg fordi dagens løysingar ikkje er tilstrekkelege for framtidens utfordringar. Kommunar har vore og er i kontinuerleg omstilling. Våren 2026 spelar KS opp til debatt om korleis kommunar kan endre omstillingstakten til å skje endå raskare..

Viktige utviklingstrekk er digitalisering, meir førebyggjande og helsefremjande arbeid, og sterkare samhandling på tvers av fag og tenester. Tenesteutvikling, innovasjon og teknologiske løysingar vil òg vere sentrale framover.

3.5.1 Kunstig Intelligens

Kommunar har store moglegheiter med kunstig intelligens (KI), men manglar ei samla tilnærming for heile kommunesektoren. KS har utarbeida [Plan for bruk av kunstig intelligens i kommunal sektor 2025](#) der målet er å gje ein praktisk og konkret veg vidare. Planen gjev felles ambisjonar, prinsipp og konkrete tiltak som skal styrkje ansvarleg og innovativ bruk av KI, støtte utvikling av betre og meir effektive tenester og bidra til berekraftige og inkluderande lokalsamfunn. Denne skal reviderast årleg for å følgje teknologisk utvikling.

KI vert ein stadig viktigare del av tenesteutviklinga nasjonalt, og KS peikar på behovet for tydelege og felles etiske rammer. I staden for at kvar kommune skal utvikle eigne retningslinjer frå grunnen av, vil KS knyte seg til nasjonale initiativ og tilpasse desse til kommunesektoren sine behov. Den tilpassa rettleiinga skal vere eit praktisk og konkret verktøy som sikrar at grunnleggjande verdiar som personvern, rettferd og transparens ivaretakast.

Hausten 2025 så har KI blitt tatt i bruk i større og større grad i samfunnet og kommunen har forsiktig testa ut ulike tilbydarar. I februar 2026 vart det helde intern opplæring i bruk av MS 365 Copilot og det er utarbeid DPIA (Data Protection Impact Assessment) i samsvar med Datatilsynet sin rettleiar. Personvern og kontroll på data, er eit viktig men utfordrande område. IKT- avdelinga (SYSIKT) arbeider i eit prosjekt saman med Nord Hordaland IKT og IKT Nordfjord om å utvikle ein eigen KI- løysing for medlemskommunane, der ein har kontroll på data. I tillegg til dette så kjem KI for fullt inn i ulike fagsystem. Det blir tryggleiken ivaretatt gjennom leverandørane. Kommunen er avhengig av at innføring skjer i takt med andre kommunar og med overordna styring frå myndigheiter/KS/IKT- samarbeida.

3.5.2 Omstillingsprosjektet Hyllestad Vekst

Hyllestad kommune har sidan 2023 arbeidd systematisk med omstilling gjennom prosjektet [Hyllestad Vekst](#), organisert som ein tretrinns plan for lokal samfunns- og næringsutvikling. Løyvde midlar frå Vestland fylkeskommune har vore eit målretta verkemiddel for å styrkje omstillingsevna i kommune, næringsliv og frivillig sektor. Prosjektet si målsetjing har vert å bidra til vekst i næringslivet og auka busetnad, og bruken av midlane har følgd mål, strategiar og tiltak i prosjektplanen Hyllestad Vekst 2023–2026 «Eit godt liv i distrikta». Gjennom Hyllestad Vekst har kommunen utvikla tiltak som går på tvers av samfunnsområde og sektorar.

4. Eksterne vedlegg

3.6 Folkehelse

- Folkehelseoversikt generisk mal for Sogn og Fjordane.pdf
- Folkehelseprofil 2024 Hyllestad.pdf
- Oppvekstprofil 2024 Hyllestad.pdf

3.7 Gjennomført medverknad

- Barnetråkk rapport 2025 Hyllestad skule, 5.-7.klasse.pdf
- Resultata frå Innbyggjarundersøkinga 2025.pdf
- Resultata frå Næringsundersøking 2025.pdf
- (I høyringsperioden) Ungdomsrådet
- (I høyringsperioden) Flyktingar i kommunen



Hyllestad
kommune

Kommunehuset
Lifjordvegen 7
6957 HYLLESTAD
www.hyllestad.kommune.no

Mars 2026

